

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, 11.05.2010 kl. 16.10 i
Rådhuskjellaren**

SAKLISTE:

- Sak 08/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 20. april 2010
- ” 09/10 - Forvaltningsrevisjon i dei kommunale føretaka - mandat
- ” 10/10 - Tilsynsrapport frå Helsetilsynet om tilsyn med legemiddelbehandling i sjukeheim Stranda kommune 2009
- ” 11/10 - Brev frå rådmannen om klage frå Øystein Fjørstad på rådmannen si saksbehandling

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 20. april 2010 kl. 1610

Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Per Berge, Hildegunn Brune, Kari Johansen og Arne Ola Stavseng
= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll

Frå Stranda Kommune møtte rådmann Ann Kristin Langeland og økonomisjef Lars Birger Stige.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 06/10
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. FEBRUAR 2010**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 25. februar 2010 blir godkjent.

**SAK 07/10
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – FORPROSJEKT OM LÅNEGJELD OPP I MOT
BEREKRAFT OG TENESTEPRODUKSJON**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 14.04.2010.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling over for kommunestyret:

1. Kommunestyret tek rapporten om lånegjeld, økonomisk berekraft og tenesteproduksjon til orientering.
2. Kommunestyret ber om at det i arbeidet med budsjett og økonomiplan blir innarbeidd i desse konsekvensar av investeringsprogrammet til kommunen og konsekvensar av redusert meirverdiavgiftekompensasjon for å hindre ubalanse i økonomiplanen.
3. Kommunestyret ber også om kvalitetssikring av prognosar og økonomisk saksbehandling som gjeld den generelle økonomiske utviklinga i kommunen.

Kontrollutvalet gjorde vidare følgjande samråystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til vedtak i sak 02/10 – tema for forvaltningsrevisjon pkt. 1 og 2. Kontrollutvalet vedtek å utvide forprosjektet om lånegjeld, økonomisk berekraft og tenesteproduksjon til ein fullskala forvaltningsrevisjon. Mandatet blir utvida i samsvar med tilrådingane i forprosjektet sitt kapittel 4 med følgjande tema:

- Kostra-tal for tenesteproduksjon/netto driftsresultat
- Kommunale føretak – konsernrisiko
- Finansiell analyse av balanse m.a. finansielle eideelar
- Sjølvfinansierande gjeld
- Konsekvensar av renteendringar
- Finansreglement

Justeringer av mandatet kan gjerast undervegs i samråd med kontrollutvalet. Endeleg rapport skal ligge føre innan utgangen av september, slik at dokumentet kan nyttast ved førebuing av budsjett 2011 og økonomiplan 2011 – 2014.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Per Berge
medlem
(sign.)

Arne Ola Stavseng
medlem
(sign.)

Hildegunn Brune
medlem
(sign.)

Kari Johansen
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 03.05.2010

**SAK 09/10
FORVALTNINGSREVISJON I DEI KOMMUNALE FØRETTAKA – MANDAT**

Det blir vist til tidlegare saker der forvaltningsrevisjon for inneverande valperiode har vore behandla og spesielt sak 02/10 i møte 25.02.2010 der det vart gjort vedtak om å gjere ein forvaltningsrevisjon inn i mot dei kommunale føretaka.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon § 7 første ledd definert som *systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader, herunder om:*

- a) Ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadar
- b) Ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- c) Regelverket blir etterlevd
- d) Styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- e) Grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- f) Resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon er med andre ord meint å vere eit reiskap for det øvste politiske organ i samband med å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultat som blir oppnådd.

Forskrift om revisjon § 7 andre ledd slår fast at forvaltningsrevisjon, og rapportering av forvaltningsrevisjon, skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etablerte standardar på området. Det er også stilt krav om revisjonskriterium for kvart prosjekt. Det er ein måte å seie at det skal gå klart fram kva som ligg til grunn ved vurderinga av forvaltninga.

Ein forvaltningsrevisjon må dersom den skal ha nytte, vere relevant i forhold til viktige hendingar som skjer i kommunen, samtidig må den bygge på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Eit mandat for neste forvaltningsrevisjonsprosjekt kunne ut i frå dette omfatte følgjande:

- Korleis er roller, fullmakter og arbeidsdeling (gitt i kommunelova) mellom kommunestyret og styret i foretaka praktisert?

- Korleis er politisk behandling gjennomført? Stikkord: Innkalling, sakliste, behandlingsmetodar. Dette gjeld også saker som går vidare til kommunestyret.
- Korleis fungerer den administrative saksbehandlinga i føretaka? Stikkord: Forsvarleg saksbehandling, praktisering av lover som kommunelova, Offentleglova, Lov om offentleg anskaffelser (innkjøpsprosedyrer), forvaltningslova og liknande. Oppfølgjing av selskapa sin økonomi, informasjonsflyt frå føretaka og finansiering av investeringar er også sentrale stikkord.

Ei meir eksakt vurdering av mandatet vil bli ettersendt/lagt fram i møtet.

Harald Rogné
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 03.05.2010

**SAK 10/10
TILSYNSRAPPORT FRÅ HELSETILSYNET OM TILSYN MED
LEGEMIDDELBEHANDLING I SJUKEHEIM STRANDA KOMMUNE 2009**

Som vedlegg følgjer:

- Rapport frå tilsyn med legemiddelbehandling i sjukeheim Stranda kommune 2009.

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon i Stranda kommune i perioden 13.08.2009 til 22.10.2009. Av samandraget i rapporten går m.a. følgjande fram:

Av rapporten kjem det ikkje fram avvik, men ein merknad som lyder slik:

Kommunen har eit forbettingspotensial i å involvere og utnytte medisinskfagleg kompetanse i

- Strategisk planlegging og organisering
- Forbettingsarbeid
- Kompetanseutvikling

For øvrig blir det vist til vedlagte rapport.

På bakgrunn av ovanståande blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

HELSETILSYNET

Tilsyn med barnevern, sosial- og helsetjenestene

Til forsiden

Om Helsetilsynet

Nyheter, media og offentligheit

Tilsyn - funn, avgjørelser, metoder

Hva er tilsyn?

Tilsynsrapporter

Områdeovervåking

Tilsyn med sosialtjenesten

» Tilsyn med helsetjenesten

Hendelsesbasert tilsyn

Rettighetsklager

Meldeordning

Regelverk

Helsetilsynet i fylkene

Lenker og bibliotek

Publikasjoner, uttalelser, brev

Rettigheter og klagemuligheter

Sámeillili English

العربية

中文

Suomi Français

Русский

Español

Português Deutsch

Tilsyn - funn, avgjørelser... / Tilsyn med helsetjenesten / Rapport fra tilsyn med medikamentbehandling i sjukeheim Stranda kommune (2009) / Skriv ut denne siden

» SØK

? Utvidet søk og emneord

» Nettsedskart

» Nettsleddet A til Å

» Kontakt oss

» Ledige stillinger

» Om nettsleddet

Rapport fra tilsyn med medikamentbehandling i sjukeheim Stranda kommune (2009)

Oppfølging av tilsynet
I dette tilsynet ble det ikke funne avvik fra lov eller forskrift. Tilsynet er derfor avslutta.

Adresse til verksemda: Rådhuset/Øynasentral, Postboks 264, 6201 Stranda

Tidsrom for tilsynet: 13.08. til 22.10. 2009

Kontaktperson i verksemda: Einingsleiar Bjørg Heilem

Innheld

Samandrag

1. Innleiring

2. Omtale av verksamda - spesielle forhold

3. Gjennomføring

4. Kva tilsynet omfatta

5. Funn

6. Regelverk

7. Dokumentunderlag

8. Deltakarar ved tilsynet

Samandrag

Denne rapporten omtalar det tilsynet avdekkja innan dei reviderte områda. Tilsynet undersøkte om kommunen har lagt til rette for at helsepersonell som er involvert i legemiddelbehandlinga ved sjukeheimen kan utføre sine oppgåver på ein forsvarleg måte. Det einskilde helsepersonell si plikt til forsvarleg yrkesutøving er ikkje tema for tilsynet. Det medisinskfaglege sjønnnet knytt til behandlinga av den einskilde pasient er derfor ikkje ein del av dette tilsynet. Systemrevisjonen omfatta følgjande områder:

Stranda omsorgssenter, avd. sjukeheim, i tillegg også korttidsavdelinga Skageliå

Fokus for tilsynet er om Stranda kommune sitt system sikrar at beboarane ved sjukeheimsavdelinga ved Stranda omsorgssenter (heretter forkorta til Stranda sjukeheim eller berre sjukeheimen) får nødvendig og riktig legemiddelbehandling. Tilsynet har konsentrert seg om innlegging og vidare opphold i sjukeheimen. Tilsynet har særleg retta merke til mot kommunen si styring av:

- ❖ Organisering og fordeling av ansvar, oppgaver og mynde
- ❖ Kompetanse og personellstyring
- ❖ Tiltak for å legge til rette for god praksis og korrigere og førebyggle svikt
- ❖ Oppfølging frå leilinga

Ved Stranda sjukeheim blir det teke medisinske årskontrollar av pasientane. Tenesta har starta med Multidose — system, noko som har medført at legen er mykje meir nøy med medisinbehandlinga til den einskilde pasient. Det ularbeida plan for fråvar av lege i feriar og høgglider. Det gis god oppdatering til tilsette ved forandring på medisinar og kva ein skal være obs på ved endring av medikament/ dosering/ seponering osv.. Det har vore lite avvik vedrørande medisinhandtering etter innføring av Multidosesystemet.

Dei tilsette i sjukeheimen opplever at det er god tilgang på legestenester til å vurdere kliniske problemstillingar utover det fasta legeletsynet, men både lege og sjukepleiarar skulle ynske at dei hadde tilgang på meir spesialistkompetanse innan geriatri.

I 2007 vart det utdanna 14 hjelpepleiarar og i 2008 8 helsefagarbeidarar for å auka den helsefaglege kompetansen i tenesta. Det er regelmessig medikamenthandteringskurs ved farmasøyti ved sjukeheimen. Kommunen har god tilgang på sjukepleiekompetanse, og det er alltid ein sjukepleiar på vakt i Stranda distrikt.

Sjukeheimen har tenninal pleie og dei samarbeider godt med palliativt team i spesialisthelsetenesta. Etter at dei tok til med terminal pleie har kompetansen blant fleire tilsette også betydeleg, noko som kjem helle sjukeheimen til gode. Dei tilsette har godt samarbeid også med Alderspsykiatrisk avdeling i spesialisthelsetenesta, noko som også utgjer kompetanseheving innan dette fagområdet.

Det er stor grad av munnleg overføring av medisinsk kompetanse i kvar dagen prega av ad hoc rettleiding på spesiifikke problemstillingar.

Pasientjournaldokumentasjon består av elektronisk pasientjournal, papirjournal og perm med medikamentordinasjonskort. Det er regelmessig dokumentert i pasientjournal frå legeletsyn/legevaktsbesøk, og ein kan spore og rekonstruere at kliniske problemstillingar i behandlingsforløp med legemiddel har vore drøfta og evt. nye tiltak sett i verk. Sjukepleiar dokumenterer også frå legevisitt/legevaktsbesøk.

Pleiepersonalet sine observasjonar kan sporast som grunnlag for vurderingar av medikasjon, og ved i gangsett medikasjon dokumenterer pleiepersonalet kva det er som er viktig å følje med på og observera.

Det vart framlagt plan for verksemda for 2009, samtstundes også plan for undervisning/kompetanseheving og

for oppgåve/forbetringssarbeid. Verksemda har også hatt gjennomgang av kva for risikoar/utfordringar dei har, og kva for utviklings — og forbetringssarbeid dei må ha fokus på framover. I verksemplana for 2009 ligg det inne på tiltak implementering av elektronisk avvikssystem. Enno er avvikssystemet papirbasert, dei har rutinar for dette, men det meldes enno for lite avvik. Dei tilsette håpar at dette blir betre når ein får avvikssystemet implementert elektronisk. I rutinane for avvik gjennomgår/behandlar tilsynsleger alle avvik for einingsleiar mottek del.

Sjølv om dei tilsette var nøgde med legetilsynet i sjukeheimen, var det lite legeressurs pr. pasient (0,16 timer pr. pasient/uke), og det kunne opplevast i knappåtale laget. Legane nyttast difor i hovudsak til individretta kliniske oppgåver, lite til institusjonsretta oppgåver.

Sjukeheimen har oftest 5 pasientar innlagt i sjukeheimen utover dei faste sengeplassane, som gje ei utfordring i å gje alle pasientane like tilbod med omsyn til plass. Tilsynet merkar seg at det er lite spesialkompetanse hjå sjukepleiarar, noko dei hadde ønskt seg meir av, og internundervisninga var lite systematisert.

Det blei ikkje avdekka avvik under tilsynet, men gjeve ein merknad.

Merknad 1:

Kommunen har eit forbetringspotensial i å involvere og utnytte medisinskfagleg kompetanse i

- ❖ strategisk planlegging og organisering
- ❖ forbetringssarbeid
- ❖ kompetanseutvikling

Dato: 13.01.2010

Vigdis Roiland Vestad revisjonsleiar

Rolf Toven revisor

1. Innleitung

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon i Stranda kommune i perioden 13.08. til 22.10. 2009. Revisjonen går inn som ein del av den plannlagde tilsynsverksemda hos Helsetilsynet i Møre og Romsdal i dette året.

Helsestilsynet i fylket har fullmakt til å føre tilsyn med helsestena etter lov om statleg tilsyn med helsestena § 2.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta å undersøke om:

- ❖ kva tiltak verksemda har for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor de tema tilsynet omfattar
- ❖ tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerte
- ❖ tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekte under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- ❖ Avvik dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte
- ❖ Merknad er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsett i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finner grunn til å påpeke betringspotensial

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Stranda kommune har 4533 innbyggjarar, og er leia av rådmann, ass. rådmann og 2 kommunalsjefar.

Kommunen er inndelt i 17 eininger, der Stranda distrikt er ei av einingane.

Stranda distrikt har 5 verksemdar der ei av desse er Stranda omsorgssenter.

Det vart gjennomført tilsyn ved Stranda omsorgssenter avd. sjukeheim som har 37 plassar med 5 bogrupper. Sjukeheimen har korttids/ rehabiliteringsplassar, skjerma eining og somatiske plassar. Stranda sjukeheim har 7 timer pr. veke med tilsynslege. Det er intaksmøte kvar fredag med tilsynslege, einingsleiar og avd. sjukepleiar frå helmetenesta.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel blei sendt ut 13.08. 2009. Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Opningsmøte blei halde 21.10. 2009.

Intervju 7 personar blei intervjuat.

Oversikt over dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Det blei gjennomført synfaring ved Stranda sjukeheim.

Sluttmøte blei halde 22.10. 2009.

4. Kva tilsynet omfatta

Tilsynet skal ha fokus på om kommunen har lagt forholda til rette slik at det einskilde helsepersonellsom er involvert i legemiddelbehandlinga kan utføre sine oppgaver på ein forsvarleg måte, jf. helsepersonelloven § 16.

Det einskilde helsepersonell si plikt til forsvarleg yrkesutøving er ikkje eit sjølvstendig tema for tilsynet. Det medisinske faglege skjønet knytt til behandlinga av den einskilde pasient er difor ikkje ein del av dette tilsynet.

Det er vidare ikkje lagt opp til at tilsynet konkret skal vurdere legemiddelbehandlinga av enkeltpasientar. Fokus for dette tilsynet kan med eit felles omgrep kalla "rammene som er lagt til rette" for legemiddelbehandlinga, dvs. kompetanse, kapasitet, dokumentasjon og samhandling. Det blei også sett på at leilaga ut i frå ei risikovurdering gjer greie for at legemiddelbehandlingat blir systematisk vurdert og føgt opp tilpassa den einskilde pasient sin tilstand og legemiddelbruk.

Særleg fokus ved tilsynet:

- ❖ Legemiddelbehandling ved innlegging i sjukeheimen
- ❖ legemiddelbehandling ved det vidare ophaldet i sjukeheimen

5. Funn

Det blei ikkje avdekkta avvik.

Merknad 1:

Kommunen har eit forbetningspotensial i å involvere og utnytte medisinskfagleg kompetanse i

- ❖ strategisk planlegging og organisering
- ❖ forbetningsarbeid
- ❖ kompetanseutvikling

Merknaden bygger på følgjande:

- ❖ Alt for lite legetid ved sjukeheimen, det blir berre tid til klinikk —ikkje til å være med i overordna strategisk tenking, utviklings-/forbetningsarbeid og undervisning
- ❖ Brukar lite kartleggingsverktøy til klinisk arbeid
- ❖ Det er lite legeressurs totalt sett (0,16 timer pr. pasient/uke)
- ❖ Det er oftaast 5 pasientar innlagt i sjukeheimen utover dei faste sengeplassane
- ❖ Legane nyttast i hovudsak til individretta kliniske oppgåver, lite til institusjonsretta oppgåver
- ❖ Det er svært lite spesialsjukepleiekompetanse i sjukeheimen
- ❖ Internundervisninga er lite systematisert

Kommentar:

Det synast spesielt til:

- ❖ Forskrift om interkontroll i sosial- og helsejenesten
- ❖ Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgsjenesten i kommunene og til nytige henvisningar
- ❖ Legejester i sykehjem, IS-1436/2007-Helsedirektoratet
- ❖ Rundskriv fra HOD —1-4/2007
- ❖ Omsorg 2015 —St.melding 25 (2005-2006)
- ❖

Tilsynsorganet har elles merka seg:

Tilsynet har gjennom intervju, gjennomgang av dokumentasjon og pasientjournalar avdekkta følgjande:

Organisering og fordeling av ansvar, oppgåver og mynde

Ved Stranda sjukeheim blir det teke medisinske årskontrollar av pasientane. Tenesta har starta med Multidoresystem, noko som har medført at legen er mykje meir nøyne med medisinbehandlinga til den einskilde pasient. Det utarbeidaast plan for fråvær av lege i feriar og høgtider. Det gis god oppdatering til tilsette ved forandring på medisinar og kva ein skal være obs på ved endring av medikament/dosering/seponering osv. Det har vore lite avvik i vedrørande medisinhandtering etter innføring av Multidoresystemet.

Pasientjournaldokumentasjon består av elektronisk pasientjournal, papirjournal og perm med medikamentordinasjonskort. Det er regelmessig dokumentert i pasientjournal frå legetilsyn/legevaktbesøk, og ein kan spore og rekonstruere at kliniske problemstillingar i behandlingsforløp med legemiddel har vore drøfta og evt. nye tiltak sett til verk. Sjukepleiarar dokumenterer også frå legevisitt/legevaktbesøk.

Pleiepersonalet sine observasjonar kan sporast som grunnlag for vurderingar av medikasjon, og ved i gang sett medikasjon dokumenterer pleiepersonalet kva det er som er viktig å følje med på og observera.

Kompetanse- og personellstyring

Dei tilsette i sjukeheimen opplever at det er god tilgang på legestenester til å vurdere kliniske problemstillingar utover det faste legetilsynet, men både legar og sjukepleiarar skulle ynskje at dei hadde tilgang på meir spesialistkompetanse innan geriatri.

I 2007 vart det ultdanna 14 hjelpepleiarar og i 2008 8 helsefagarbeidrarar for å auka den helsefaglege kompetansen i tenesta. Det er regelmessig medikamenthandteringskurs ved farmasøyt ved sjukeheimen. Kommunen har god tilgang på sjukepleiekompetanse, og det er alltid ein sjukepleiar på vakt i Stranda distrikt. Det er stor grad av munnleg overføring av medisinsk kompetanse i kvardagen prega av ad hoc rettleiring på

SPESIELLE PROBLEMSTILLINGER:**Tiltak for å legge til rette for god praksis og korrigere og forebygge svikt**

Sjukehelmen har terminal pleie og dei samarbeider godt med palliativt team i spesialisthelsetenesta. Etter at dei tok til med terminal pleie har kompetansen blant flere tilsette auka betydeleg, noko som kjem heile sjukehelmen til gode. Dei tilsette har godt samarbeid også med Alderspsykiatrisk avdeling i spesialisthelsetenesta, noko som også utgjer kompetanseheving innan dette fagområdet.

Avvikssystemet er einno papirbasert, dei har implementert rulinor for å melde avvik, men det meldes enno for lite avvik. Dei tilsette håper at dette blir betre når ein får avvikssystemet implementert elektronisk. I rutinane for avvik gjennomgår/behandlar tilsynsleiar alle avvik før einingsleiar mottek avviksmeldingane.

Lelinga si oppfølging

Det vart framlagt plan for verksemda for 2009, samstundes også plan for undervisning/kompetanseheving og for oppgåve/forbedringsarbeid. Verksemda har også hatt gjennomgang av kva for risikoar/utfordringar dei har, og kva for utviklings — og forbetningsarbeid dei må ha fokus på framover. I verksemplana for 2009 ligg det inne påtiltak implementering av elektronisk avvikssystem.

Kommentarar:

Fra ei avdeling vart det synt til eit system der det som vedlegg til ordinasjonskortet (som er standard frå Norsk Medisinaldepot(NMD), Multidose) blei notert systematisk kva medikamentet kan nyttast til. Ordinasjonskortet blei oppdatert kvar 14. dag og endringar gjort i mellomtida blei notert etter eit spesielt system, der ein hadde fortløpende oversikt over indikasjon, effekt og ordinering/ seponering av kvart medikament. Det var også utsatt ei oversikt over medisinar for kvar pasient, der kvar medisin var forklart kva som var ynskja verknad og kva medikamentet kunne gje av biverknader. Ut i frå denne oversikta vart det også lettare for det einskilde helsepersonell å gje tilbake vurderinger over effekten av medikamentet til legen. Dette systemet hadde også ein kompetansehevande effekt i avdelinga generelt.

6. Regelverk


- ❖ Lov om helsetjeneste i kommunene
- ❖ Lov om statlig tilsyn
- ❖ Lov om helsepersonell
- ❖ Forskrift om sykehjem og boform heldøgns omsorg og pleie
- ❖ Forskrift om internkontroll i sosial- og helsetjenesten
- ❖ Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenesten i kommunene
- ❖ Forskrift om legemiddelhåndtering i virksomheter som yter helsehjelp — ny forskrift som gjelder fra 1. mai 2008. Erslatter forskrift 18. november 1987 nr. 1153 om legemiddelforsyning m.v. i den kommunale helsetjeneste.

7. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei

send over da revisjonen blei førebudd:

- ❖ Verksemplanner/handlingsplan for 2009
- ❖ Organisasjonskart pleie og omsorg
- ❖ Organisasjonskart Stranda distrikt
- ❖ Presentasjon av lederteamet
- ❖ Presentasjon av enheten
- ❖ Planlagte eller gjennomførte oppgaver/forbedringsarbeid
- ❖ Utfordringar vi står overfor i utviklings- og forbedringsarbeid
- ❖ Stranda distrikt, oversikt over institusjonsplasser
- ❖ Planarbeid i pleie- og omsorgstjenestene i Stranda kommune
- ❖ Notat vedrørende offentleg legearbeid ved sjukehelmen tilsaman 7t. pr. veke
- ❖ Oversikt over offentleg legearbeid
- ❖ IK-prosedyrer:
 - ❖ Målsetting for beboarane
 - ❖ Legeteneste i sjukehelmen 3 prosedyrar
 - ❖ Kvalitetsråd
 - ❖ Laboratoriearbeid — NOKLUS
 - ❖ Nøkkelrutiner medisinrom
 - ❖ Nøkler til medisinralle
- ❖ Medikamentehåndtering 19 prosedyrar
- ❖ Multidose - rutinebeskrivelse
- ❖ Rapport frå tilsyn ved Stranda omsorgssenter, tilsynsfarmasøy, 10.12.08, med
- ❖ korrigende tiltak
- ❖ Avtale mellom Stranda kommune og Storfjord apotek, 2 stk
- ❖ Avtale om deltagelse i ordning for kvalitetssikring av pasientrettet laboratorievirksomhet utenfor sykehus
- ❖ Samarbeidsavtale mellom Stranda kommune og Helse Sunnmøre HF
- ❖ Delegasjon av myndighet
- ❖ Oversikt over personale som er gitt fullmakt til legemiddelhåndtering
- ❖ Eksempel på avvik
- ❖ Prosedyre på håndtering av avvik i høve til medikamentehåndtering
- ❖ Rutinehåndbok i PROFIL
- ❖ Retningslinjer for utdeling av medikamenter hjelpepleiar/helsefagarbeidar



- ❖ Opplæring som skal vere gjennomført før hjelpepleiar/helsegararbeidar får løyve til å dele ut medisin

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- ❖ 14 pasientjournalar
- ❖ Gjennomgått avvik frå 2006 — 2009 —sett og signert av tilsynslege
- ❖ Internkontrollsystemet Stranda kommune 2000, perm C, Stranda distrikt, Stranda omsorgssenter, avd. sjukeheimen, bugruppe Mona
- ❖ Penni for ordinasjonskort, avdeling Mona

Korrespondanse mellom verksemda og Helsetilsynet i Møre og Romsdal:

- ❖ Brev frå Helsetilsynet i Møre og Romsdal, varsel om tilsyn 13.08. 2009
- ❖ Tilsendt dokumentasjon frå Stranda kommune, datert 14.09. 2009
- ❖ Brev frå Helsetilsynet i Møre og Romsdal, program, 10.10. 2009

8. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervju.

Namn	Funksjon / stilling	Opmøte	Intervju	Sluttmøte
Bjørg Johansen	Tilsynslege	x	x	x
Tove Knivsflå	Sjukepleiar	x	x	x
Liv Skarbø Gjerde	Avd.sjukepleiar	x	x	x
Hans Christian Paulsen	Kommuneoverlege	x	x	x
Vibeke Hagen	Hjelpepleiar	x	x	x
Bjørg Helsen	Einingstilskipar	x	x	x
Ann Kristin Langeland	Rådmann	x	x	x
Aurora Cena	Bogruppeleiar			

Frå tilsynsorganet deltok:

Revisjonsleiar: Seniorrådgivar Vigdis Røllid Vestad

Revisor: Rådgivar/jurist Rolf Toven

Revisor: Ass. Fylkeslege Andreas Georg Kjerstad

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 03.05.2010

SAK 11/10

**BREV FRÅ RÅDMANNEN OM KLAGE FRÅ ØYSTEIN FJØRSTAD PÅ RADMANNEN SI
SAKSBEHANDLING**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå rådmann datert 20.04.2010 m/vedlegg

Brevet er adressert til kommunerevisjonen, men oppdraget synest vere meint for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine oppgåver går fram av kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval.

I flg. § 4 1. ledd i forskrift om kontrollutval, skal kontrollutvalet føre løpende tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet har ikkje plikt til å behandle andre saker enn dei som utvalet får seg førelagt av kommunestyret eller der det går fram av lov eller forskrift.

Kontrollutvalet er etter gjeldande lov og forskrift ikkje ein communal klageinstans, men vil i kvart enkelt tilfelle vurdere om det ut i frå m.a. vesentlegheitsvurderingar kan vere formålstenleg å ta opp slike saker.

Kontrollutvalet kan derimot av eige tiltak i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd så lenge dette kan definerast som tilsyn eller kontroll. Når det gjeld bestillingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølv vurdere om saka hører til under utvalet sitt kompetanseområde og om det er ønskjeleg å prioritere denne.

Kontrollutvalet har ikkje mynde til å avgjere ei sak til gunst eller ugunst for ein part, men kan naturleg nok dersom utvalet ønskjer det og økonomiske ressursar er stilt til rådvelde, undersøkje korleis saksbehandlinga i kommunen er gjort.

På bakgrunn av ovanståande blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet finn ikkje å ville gå inn i denne saka.

Harald Rogne
dagleg leiar



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandler: Ann Kristin Langeland

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal
Postboks 7734, Spjelkavik
Lerstadveien 545, 4.etg.
6022 ÅLESUND

Vår ref.: 07/859-26

Dykker ref.:

Arkiv: GBN-33/3

Dato: 20.04.2010

KLAGE PÅ RÅDMANNEN SI SAKSTRENERINGSAVGJERD

Øystein Fjørstad har i brev av 28.03.10 framsett ”klage på rådmannen si sakstreneringsavgjerd”.

Fjørstad fremjar i sitt skriv klagesak som ventast lagt fram for kommunen sine utval og styre og fylkesmannen.

Slik rådmannen ser det vil kontrollutvalet vere det best eigna organ til å førebu og handsame ei slik sak. Vidare bed eg kontrollutvalet vurdere om det skal opnast personalsak på rådmann i høve denne saka, noko Fjørstad ventar seg.

Vedlagt følgjer all dokumentasjon i saka.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Ann Kristin Langeland".
Ann Kristin Langeland
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikke signatur.

Kopi til:
Frank Sve
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Øystein Fjørstad

Dokumenter i arkivsak : 2007000859

Ant.poster: 25

Nr	Saksbeh	Avs/mottaker	Journalposttittel	Brevdato	Journaldato
1	RORE	Charles Myren	I VEDKOMANDE SPØRSMÅL OM BYGGING AV VEG PÅ GBN 33 / 3	01.06.2007	01.06.2007
2	RORE	Statens Vegvesen Region Midt	INGA MYREN - OPPARBEIDING AV VEG PÅ GBN 33 / 3 I STRANDA - AVKØYRING FRA RIKSVEG 60	20.06.2007	20.06.2007
3	RORE	Inga Myren	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV PARKERINGSPLASS/VEG	20.06.2007	21.06.2007
4	RORE	Statens Vegvesen Region Midt	RV 60 STRANDA KOMMUNE GBN 33 / 3 - SØKNAD OM OPPARBEIDING AV AVKJØSEL	05.07.2007	06.07.2007
5	RORE		SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV VEG PÅ GBN 33 / 3 I STRANDADALEN	08.08.2007	08.08.2007
6	RORE	2 mottakere...	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV VEG PÅ GBN 33 / 3 I STRANDADALEN	08.08.2007	08.08.2007
7	RORE	Oddgeir Sve	VEDKOMANDE SØKNAD OM ANSVARSRETT - INGA MYREN	08.08.2007	08.08.2007
8	RORE	Øystein Fjørstad	KRAV OM KOMPLETT OPPRYDDING VEDR. SKJEMAFADESE	14.08.2009	14.08.2009
9	RORE	Øystein Fjørstad	ETTERLYSING AV SVAR PÅ KLAGE VEDRØRANDE SKJEMAFADESE.	17.09.2009	17.09.2009
10	RORE	Øystein Fjørstad	SVAR PÅ BREV - KRAV OM OPPRYDDING	21.09.2009	21.09.2009
11	RORE	Øystein Fjørstad	MANGLANDE AVKLARING ANGÅENDE SAKSHANDSAMING AV NABOVARSELFORMULAR.	23.09.2009	23.09.2009
12	AKLA	Øystein Fjørstad	MANGLANDE AVKLARING ANGÅENDE SAKSHANDSAMING AV NABOVARSELFORMULAR.	06.10.2009	06.10.2009
13	AKLA	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	VEDKOMANDE SAKSHANDSAMING AV NABOVARSEL	06.10.2009	07.10.2009
14	AKLA	Øystein Fjørstad	PURRING UTFRÅ FRAMLEIS MANGLANDE AVKLARING.	25.11.2009	25.11.2009
15	AKLA	Øystein Fjørstad	PURRING UTFRÅ FRAMLEIS MANGLANDE AVKLARING.	03.12.2009	03.12.2009
16	AKLA	Øystein Fjørstad	REAKSJON VEDRØRANDE EIT IKKJE AVKLARANDE SKRIV SOM FORMELT SETT IKKJE ER MOTTEKE.	08.12.2009	08.12.2009
17	AKLA	Øystein Fjørstad	REAKSJON VEDRØRANDE EIT IKKJE AVKLARANDE SKRIV SOM FORMELT SETT IKKJE ER MOTTEKE.	04.01.2010	04.01.2010

18	AKLA	Øystein Fjørstad	KLAGE VEDRØRANDE KRITIKKVERDIG KOMMUNAL SAKSHANDSAMING.	08.01.2010	08.01.2010
19	AKLA	Øystein Fjørstad	KLAGE VEDRØRANDE KRITIKKVERDIG KOMMUNAL SAKSHANDSAMING	21.01.2010	21.01.2010
20	RORE	Øystein Fjørstad	KLART SVAR - KLAGE VEDRØRANDE KRITIKKVERDIG KOMMUNAL SAKSHANDSAMING	26.01.2010	26.01.2010
21	AKLA	Øystein Fjørstad	KLART SVAR - KLAGE VEDRØRANDE KRITIKKVERDIG KOMMUNAL SAKSHANDSAMING	01.03.2010	02.03.2010
22	AKLA	Øystein Fjørstad	SAKSTRENERING - KLAGE VEDRØRANDE KRITIKKVERDIG KOMMUNAL SAKSHANDSAMING	08.03.2010	08.03.2010
23	AKLA	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	BYGGING AV VEG PÅ GBN 33/3 - SAKSBEHANDLING AV NABOVARSEL	19.03.2010	23.03.2010
24	AKLA	Øystein Fjørstad	SAKSTRENERING - KLAGE VEDRØRANDE KRITIKKVERDIG KOMMUNAL SAKSHANDSAMING	25.03.2010	25.03.2010
25	AKLA	Øystein Fjørstad	KLAGE PÅ RÅDMANNEN SI SAKSTRENERINGSAVGJERD	29.03.2010	29.03.2010



Stranda kommune

Næringsavdelinga

Saksbehandler: Roald Rekdal

Charles Myren
Storgata 124
6200 STRANDA

Vår ref.: 07/859-1

Dykkar ref.:

Arkiv: GBN-33/3

Dato: 01.06.2007

VEDKOMANDE SPØRSMÅL OM BYGGING AV VEG PÅ GBN 33/3

Viser til dykkar samtale med Ivar Frøysadal, vedkomande bygging av veg frå riksveg 60 til fritidsbygg på eigedom GBN 33/3.

Kartet viser ei eldre driftsavkøyring i grensa mot GBN 33/1, og vi forstår at denne er såpass gammal at det ikkje føreligg noko skriftleg løyve. Vi har konferert med Statens vegvesen i saka, og kjem til følgjande konklusjon.

Bygging av veg vil være søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 93. Vi legg ved informasjon som viser kva ein søknad skal innehalde, saman med søknadsblankettar. Vi tilrår at de kontaktar eit føretak som kan stå ansvarleg for bygginga, og at dei ordnar eller hjelper til med søknaden.

Statens vegvesen vil òg behandle denne saka, og gje formelt løyve til avkøyring i samband med søknad om bygging av veg. Årsaka er at dei har bestemte krav til utforming av avkøyringar. Vi vil oversende saka til Statens vegvesen når vi får inn søknaden frå dykk.

Ta gjerne kontakt om de ønskjer nærmare informasjon.

Med vennleg helsing

Roald Rekdal
Ingeniør byggjesak



Stranda kommune

Næringsavdelinga

Saksbehandler: Roald Rekdal

Statens Vegvesen Region Midt
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Vår ref.: 07/859-2

Dykkar ref.:

Arkiv: GBN-33/3

Dato: 20.06.2007

**INGA MYREN - OPPARBEIDING AV VEG PÅ GBN 33/3 I STRANDA - AVKØYRING
FRÅ RIKSVEG 60**

Inga Myren søker om løyve til opparbeiding av veg på eigedom GBN 33/3 i Strandadalen. Dei ønskjer å byggje ein veg frå riksvegen, og fram til fritidsbygning på eigedommen. Omsøkt veg viser på vedlagde situasjonsplan.

Stranda kommune ber om formelt løyve til avkøyringa, med eventuelle krav til utforming.

Eksisterande felles avkøyring vart etter det underteikna forstår, etablert av Statens vegvesen når riksvegen vart bygd der den ligg i dag. Vi reknar difor avkøyringa som godkjend, utan at dette føreligg formelt. Underteikna har kontakta Siv Karen Sundgot den 31.05.07, og avtalte då å oversende saka til Statens vegvesen, slik at Statens vegvesen får høve til å stille krav til utforming av avkøyringa, etter dagen regelverk.

Er noko uklart, ta gjerne kontakt. Ber om rask behandling.

Vedlegg: Situasjonskart
 Kart

Med vennleg helsing

Roald Rekdal
Ingeniør byggjesak



Stranda kommune
Situasjonsplan
20.06.2007
Målestokk 1:5000

Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93		Vedtakstid (skal fyllest ut av kommunen)	Saknr i kommunen																																																
<input checked="" type="checkbox"/> Enkle tiltak <input type="checkbox"/> Søknad i ett trinn <input type="checkbox"/> Rammeløyve		Til kommune: (Søknad med vedlegg skal fyllast ut og leverast i 1 eksemplar, ev ekstra sett etter avtale med kommunen)																																																	
Søknad om ansvarsrett for ansvarleg søker		Går tiltaket ut over eksisterende eller framtidige arbeidsplassar? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei																																																	
Ligg det føre sentral godkjenning <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		Dersom ja, skal søknad NBR nr. 5177 med vedlegg sendast til Arbetsdøytskapet.																																																	
Søknaden gjeldt <table border="1"> <tr> <td>Eigedom/ byggfestad</td> <td>Gnr 33</td> <td>Bnr 3</td> <td>Fastenr</td> <td>Seksjonsnr</td> <td>Bygningenr</td> <td>Bustadrn</td> </tr> <tr> <td colspan="2">Adresse Gjerdet 41 Inga Myren 6200</td> <td colspan="2"></td> <td>Postnr 6200</td> <td>Poststad Strand</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Type tiltak tbl § 93 (flere kryss mogleg)</td> <td colspan="6"> Nye bygg og anlegg <input type="checkbox"/> Frittliggende <input type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg <input checked="" type="checkbox"/> Parkeringsplass <input type="checkbox"/> Anlegg <input checked="" type="checkbox"/> Veg <input type="checkbox"/> Vesentlege temengingrep <input type="checkbox"/> Konstruksjon <input type="checkbox"/> Fasade <input type="checkbox"/> Reparasjon <input type="checkbox"/> Bruksendring <input type="checkbox"/> Vesentleg endring av tidlegare Riving <input type="checkbox"/> Helle bygg <input type="checkbox"/> Deler av bygg <input type="checkbox"/> Tilbygg <input type="checkbox"/> Reparasjon <input type="checkbox"/> Bygn.tekniske inst. *) <input type="checkbox"/> Nyanlegg <input type="checkbox"/> Endring <input type="checkbox"/> Oppdeling <input type="checkbox"/> Samanføyling <input type="checkbox"/> Endring av bustadein. Innhegning, skilt <input type="checkbox"/> Innhegning mot veg <input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l. STRANDA KOMMUNE <input type="checkbox"/> Eiendomsdeling **) <input type="checkbox"/> Deling <input type="checkbox"/> Bortfeste <input type="checkbox"/> Kart- og delingsformning 13921 RØKE Anna <input type="checkbox"/> - skildring <input type="checkbox"/> P 3373 6 </td> </tr> </table>				Eigedom/ byggfestad	Gnr 33	Bnr 3	Fastenr	Seksjonsnr	Bygningenr	Bustadrn	Adresse Gjerdet 41 Inga Myren 6200				Postnr 6200	Poststad Strand		Type tiltak tbl § 93 (flere kryss mogleg)	Nye bygg og anlegg <input type="checkbox"/> Frittliggende <input type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg <input checked="" type="checkbox"/> Parkeringsplass <input type="checkbox"/> Anlegg <input checked="" type="checkbox"/> Veg <input type="checkbox"/> Vesentlege temengingrep <input type="checkbox"/> Konstruksjon <input type="checkbox"/> Fasade <input type="checkbox"/> Reparasjon <input type="checkbox"/> Bruksendring <input type="checkbox"/> Vesentleg endring av tidlegare Riving <input type="checkbox"/> Helle bygg <input type="checkbox"/> Deler av bygg <input type="checkbox"/> Tilbygg <input type="checkbox"/> Reparasjon <input type="checkbox"/> Bygn.tekniske inst. *) <input type="checkbox"/> Nyanlegg <input type="checkbox"/> Endring <input type="checkbox"/> Oppdeling <input type="checkbox"/> Samanføyling <input type="checkbox"/> Endring av bustadein. Innhegning, skilt <input type="checkbox"/> Innhegning mot veg <input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l. STRANDA KOMMUNE <input type="checkbox"/> Eiendomsdeling **) <input type="checkbox"/> Deling <input type="checkbox"/> Bortfeste <input type="checkbox"/> Kart- og delingsformning 13921 RØKE Anna <input type="checkbox"/> - skildring <input type="checkbox"/> P 3373 6																																
Eigedom/ byggfestad	Gnr 33	Bnr 3	Fastenr	Seksjonsnr	Bygningenr	Bustadrn																																													
Adresse Gjerdet 41 Inga Myren 6200				Postnr 6200	Poststad Strand																																														
Type tiltak tbl § 93 (flere kryss mogleg)	Nye bygg og anlegg <input type="checkbox"/> Frittliggende <input type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg <input checked="" type="checkbox"/> Parkeringsplass <input type="checkbox"/> Anlegg <input checked="" type="checkbox"/> Veg <input type="checkbox"/> Vesentlege temengingrep <input type="checkbox"/> Konstruksjon <input type="checkbox"/> Fasade <input type="checkbox"/> Reparasjon <input type="checkbox"/> Bruksendring <input type="checkbox"/> Vesentleg endring av tidlegare Riving <input type="checkbox"/> Helle bygg <input type="checkbox"/> Deler av bygg <input type="checkbox"/> Tilbygg <input type="checkbox"/> Reparasjon <input type="checkbox"/> Bygn.tekniske inst. *) <input type="checkbox"/> Nyanlegg <input type="checkbox"/> Endring <input type="checkbox"/> Oppdeling <input type="checkbox"/> Samanføyling <input type="checkbox"/> Endring av bustadein. Innhegning, skilt <input type="checkbox"/> Innhegning mot veg <input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l. STRANDA KOMMUNE <input type="checkbox"/> Eiendomsdeling **) <input type="checkbox"/> Deling <input type="checkbox"/> Bortfeste <input type="checkbox"/> Kart- og delingsformning 13921 RØKE Anna <input type="checkbox"/> - skildring <input type="checkbox"/> P 3373 6																																																		
*) Gjeld berre når installasjonen ikke er ein del av eit større tiltak **) Unntatt frå krav om ansvarsrett. Kart- og delingsformning. Må håndtaske etter bygningslova. Helmønnehavar underskriv som tiltakshavar. 01/07/2007 01/07/2007																																																			
Ansvarsrett kontroll Ansvarleg søker stadfestar at heile tiltaket blir pålagt ansvar, og at dei einskilde føretakssistema for kontroll dekkjer krava i samsvar med plan- og bygningslova.																																																			
Vedlegg <table border="1"> <thead> <tr> <th>Omtale av vedlegg</th> <th>Gruppe</th> <th>Nr frå - til</th> <th>Ikke relevant</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Opplysninger om tiltaket si ytre ramme og bygningsspesifikasjon</td> <td>A</td> <td>-</td> <td><input type="checkbox"/></td> </tr> <tr> <td>Dispensasjonsøknader</td> <td>B</td> <td>-</td> <td><input type="checkbox"/></td> </tr> <tr> <td>Gjenpart av nabovarsel, naboprotestar, merknader til naboprotestar</td> <td>C</td> <td>X</td> <td><input type="checkbox"/></td> </tr> <tr> <td>Kart, situasjonsplan, rekvisisjon av kart- og delingsforretning</td> <td>D</td> <td>X</td> <td><input type="checkbox"/></td> </tr> <tr> <td>Utgreilingar og telknningar</td> <td>E</td> <td>X</td> <td><input type="checkbox"/></td> </tr> <tr> <td>Søknader om ansvarsrett og kontrollplan, godkjenningsbevis, søknad om lokal godkjenning</td> <td>F</td> <td>X</td> <td><input type="checkbox"/></td> </tr> <tr> <td>Kontrollplanar for viktige og kritiske område, kontrollfråsegn</td> <td>G</td> <td>-</td> <td><input type="checkbox"/></td> </tr> <tr> <td>Bustadspesifikasjon i GAB</td> <td>H</td> <td>-</td> <td><input type="checkbox"/></td> </tr> <tr> <td>Fråsegn frå andre offentlege organ</td> <td>I</td> <td>-</td> <td><input type="checkbox"/></td> </tr> <tr> <td>Andre vedlegg</td> <td>J</td> <td>-</td> <td><input type="checkbox"/></td> </tr> </tbody> </table>				Omtale av vedlegg	Gruppe	Nr frå - til	Ikke relevant	Opplysninger om tiltaket si ytre ramme og bygningsspesifikasjon	A	-	<input type="checkbox"/>	Dispensasjonsøknader	B	-	<input type="checkbox"/>	Gjenpart av nabovarsel, naboprotestar, merknader til naboprotestar	C	X	<input type="checkbox"/>	Kart, situasjonsplan, rekvisisjon av kart- og delingsforretning	D	X	<input type="checkbox"/>	Utgreilingar og telknningar	E	X	<input type="checkbox"/>	Søknader om ansvarsrett og kontrollplan, godkjenningsbevis, søknad om lokal godkjenning	F	X	<input type="checkbox"/>	Kontrollplanar for viktige og kritiske område, kontrollfråsegn	G	-	<input type="checkbox"/>	Bustadspesifikasjon i GAB	H	-	<input type="checkbox"/>	Fråsegn frå andre offentlege organ	I	-	<input type="checkbox"/>	Andre vedlegg	J	-	<input type="checkbox"/>				
Omtale av vedlegg	Gruppe	Nr frå - til	Ikke relevant																																																
Opplysninger om tiltaket si ytre ramme og bygningsspesifikasjon	A	-	<input type="checkbox"/>																																																
Dispensasjonsøknader	B	-	<input type="checkbox"/>																																																
Gjenpart av nabovarsel, naboprotestar, merknader til naboprotestar	C	X	<input type="checkbox"/>																																																
Kart, situasjonsplan, rekvisisjon av kart- og delingsforretning	D	X	<input type="checkbox"/>																																																
Utgreilingar og telknningar	E	X	<input type="checkbox"/>																																																
Søknader om ansvarsrett og kontrollplan, godkjenningsbevis, søknad om lokal godkjenning	F	X	<input type="checkbox"/>																																																
Kontrollplanar for viktige og kritiske område, kontrollfråsegn	G	-	<input type="checkbox"/>																																																
Bustadspesifikasjon i GAB	H	-	<input type="checkbox"/>																																																
Fråsegn frå andre offentlege organ	I	-	<input type="checkbox"/>																																																
Andre vedlegg	J	-	<input type="checkbox"/>																																																
Underskrifter Ansvarleg søker (SØK) for tiltaket <table border="1"> <tr> <td>Foretak Inga Myren</td> <td colspan="3">Tiltakshavar</td> </tr> <tr> <td>Adresse Stort 124</td> <td colspan="3">Namn Oddgeir Sve</td> </tr> <tr> <td>Postnr 6200</td> <td>Poststad Strand</td> <td colspan="2">Adresse</td> </tr> <tr> <td>Organisasjonsnr</td> <td>Telefon</td> <td colspan="2">Postnr 6200 Poststad Strand</td> </tr> <tr> <td>Kontaktperson</td> <td>Mobiltelefon</td> <td colspan="2">Organisasjonsnr 070 297 855 452 53435</td> </tr> <tr> <td>E-postadresse</td> <td>Telefaks</td> <td colspan="2">Telefon (dagtid) 070 297 855 452 53435</td> </tr> <tr> <td>Dato</td> <td>Underskrift</td> <td colspan="2">E-postadresse</td> </tr> <tr> <td>13/6-07</td> <td>Inga Myren.</td> <td colspan="2"><input type="checkbox"/> Einskildperson <input checked="" type="checkbox"/> Føretak/lag/samegje <input type="checkbox"/> Off. verksemd</td> </tr> <tr> <td>Med blokkbokstavar</td> <td>INGA MYREN.</td> <td colspan="2">Dato</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td colspan="2">13/6-07 Oddgeir Sve</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td colspan="2">Underskrift</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td colspan="2">Oddgeir Sve</td> </tr> </table>				Foretak Inga Myren	Tiltakshavar			Adresse Stort 124	Namn Oddgeir Sve			Postnr 6200	Poststad Strand	Adresse		Organisasjonsnr	Telefon	Postnr 6200 Poststad Strand		Kontaktperson	Mobiltelefon	Organisasjonsnr 070 297 855 452 53435		E-postadresse	Telefaks	Telefon (dagtid) 070 297 855 452 53435		Dato	Underskrift	E-postadresse		13/6-07	Inga Myren.	<input type="checkbox"/> Einskildperson <input checked="" type="checkbox"/> Føretak/lag/samegje <input type="checkbox"/> Off. verksemd		Med blokkbokstavar	INGA MYREN.	Dato				13/6-07 Oddgeir Sve				Underskrift				Oddgeir Sve	
Foretak Inga Myren	Tiltakshavar																																																		
Adresse Stort 124	Namn Oddgeir Sve																																																		
Postnr 6200	Poststad Strand	Adresse																																																	
Organisasjonsnr	Telefon	Postnr 6200 Poststad Strand																																																	
Kontaktperson	Mobiltelefon	Organisasjonsnr 070 297 855 452 53435																																																	
E-postadresse	Telefaks	Telefon (dagtid) 070 297 855 452 53435																																																	
Dato	Underskrift	E-postadresse																																																	
13/6-07	Inga Myren.	<input type="checkbox"/> Einskildperson <input checked="" type="checkbox"/> Føretak/lag/samegje <input type="checkbox"/> Off. verksemd																																																	
Med blokkbokstavar	INGA MYREN.	Dato																																																	
		13/6-07 Oddgeir Sve																																																	
		Underskrift																																																	
		Oddgeir Sve																																																	
© NBR nr 5174 Juli-2003																																																			

Naboliste for Bygge- og delesaker

Hjemmelshaver(e):

Eiendom: 33/3/0/0
Eiendommens adresse: 1525/33/3/0/0

Hjemmelshaver	MYREN INGA PETRA
Adresse	STORGATA 124
Postnr / poststed	6200 STRANDA
Rolle:	H
Status:	B

Nabo(er):

Hjemmelshaver/Fester SØRHEIM ANNE M ESPE	Adresse	Postnr / poststed 6200 STRANDA	Rolle H	Status B
---	---------	-----------------------------------	------------	-------------

Eiendom
32/1/0/0

Eiendomsadresse

Anne M. Espe Sørheim.

Hjemmelshaver/Fester NYKREM BJØRNHILD	Adresse	Postnr / poststed 6200 STRANDA	Rolle H	Status B
--	---------	-----------------------------------	------------	-------------

Eiendom
33/1/0/0

Eiendomsadresse

Bjørnhild Nykrem

Hjemmelshaver/Fester NYKREM ROGER	Adresse	Postnr / poststed 6200 STRANDA	Rolle H	Status B
--------------------------------------	---------	-----------------------------------	------------	-------------

Eiendom
33/1/0/0

Eiendomsadresse

Roger Nykrem

Hjemmelshaver/Fester FJØRSTAD ØYSTEIN	Adresse	Postnr / poststed 6200 STRANDA	Rolle H	Status B
--	---------	-----------------------------------	------------	-------------

Eiendom
33/1/0/0

Eiendomsadresse

Statusbeskrivelse
Blank - Ikke definert B - Bosatt i Norge D - Død U - Utvandret
Rollebeskrivelse
H - Hjemmelshaver F - Fester AE - Aktuell eier

**Søknad om ansvarsrett
Kontrollplan**
etter plan- og bygningslova

Vedlegg nr

F -

Saksnr i kommunen

Side
1 av

Til kommune

Strandø Kommune

Søknaden gjeldt:

Eiendom/ byggfestad	Gnr 33	Bnr 3	Festant	Seksjonsnr	Bygningsnr	Bustadr
Adresse					Postnr 6200	Poststad Strandø

Føretak Føretak	Oddgein Sve	Organisasjonsnr 970297 855
Adresse Sve	Postnr 6200	Poststad Strandø
Telefon 95733435	Telefaks	Kontaktperson
E-post adresse		Mobiltelefon

Ansvarsoppdrag

Funksjoner og Utlakklasser	Ansvarsområde
(PRO, KPR, UTF, KUT) og oppgi utlakklassene	Gjer greie for kva slags ansvarsområde føretaket omfattar, medrekna eventuelle område gitt i "Kontrollplan for viktige og kritiske områder"

Godkjenning av føretak

Ligg det føre sentral godkjenning innanfor ansvarsområda? Legg i tilfelle ved godkjenningsbevis	Vedlegg nr F -
Søknad om lokal godkjenning for område der sentral godkjenning ikkje ligg føre	Vedlegg nr F -

Kontroll

Ansværlig kontrollerende føretak pliktar å la gjennomføre kontroll: - av eigne ansvarsområde i samsvar med eige system - i samsvar med kontrollplan for viktige og kritiske område	av dato	Ikkje relevant <input type="checkbox"/>
--	---------	---

Underskrifter

Ansværlig søker (SØK) for tiltaket Føretak Inga Myren. Dato 12/6-07. Med blokkbokstavar INGA MYREN.	Underskrift av føretaket med helmel i godkjenning av føretaket Føretak Oddgein Sve Dato 12/6-07 Med blokkbokstavar
---	---

Godkjenning fr. kommunen
Namn på kommune (stempel)

Dato	Underskrift
------	-------------



Situasjonsplan
01.06.2007
Målestokk 1:500

Stranda kommune
Postboks 264
6201 STRANDA

Statens vegvesen

STRANDA KOMMUNE	
REG.NR.	SAKSBEH. <i>07/4499 ØRE</i>
D 6 JULI 2007	
ARK.KODE P <i>Lei</i>	ARK.KODE S
J.NR. <i>07/859</i>	DOK.NR. <i>4</i>

Behandlende eining:
Region midt
Summør distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Maren Meyer - 70175063

Vår referanse:
2007/087543-002

Dykkar referanse:
07/859-2

Vår dato:
05.07.2007

RV 60 i Stranda kommune - Gnr. 33 bnr. 3 - Søknad om tillatelse til opparbeidning av avkjørsel

Vi viser til Dykkar brev av 20. juni 2007 med søknad om løyve til avkjørsel fra riksveg 60.

Reglar for godkjenning, utforming og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg er fastlagt i §40 - §43 i vegloven, som vi legg ved kopi av, og i handbok 017 "Veg- og gateutforming" utgitt av Vegdirektoratet. Med bakgrunn i desse kan Vegvesenet akseptere at det vert etablert ny avkjørsel slik dette er vist på kartet som følgjer søknaden under desse føresettnadane:


- Avkjørsla kan berre nyttast som tilkomst til eksisterande bygning.
- Løyvet gjeld berre for avkjørsel på den staden som er vist på kartet, og under føresettnad av at avkjørsla vert opparbeidd i samsvar med krava nedanfor.

Frisiktkrav:

L1 = minst 115 meter

L2 = minst 4 meter

Mellan veien og frisiktlinjene skal terrenget om nødvendig senkast, og vegetasjonen ryddast, slik at ein kan sjå kjørebanen på hovudvegen i heile lengda på siktrekanten frå eit punkt 1.1 m over vegnivå i avkjørsla.



Sikttrekantar i kryss og avkjørsler.
L1 og L2 er gitt i teksten.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde


Telefon: 815 44 040
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Krav til kurvatur/breidde:


R₁ = 4 meter
 R₂ = 4 meter
 b = 3-4 meter



Når kryssinkel er $80^\circ < \alpha < 100^\circ$, nyttast stipla utforming
 Utforming av avkjørsler

Krav til max stigning/fall i avkjørsla:

Kravet til utflating i avkjørsla fram mot krysset går fram av figuren til høgre. Kravet medfører at 2.0 m fra ytre skulderkant skal avkjørsla ligge 5 cm lågare enn vegkanten. 5.5 m fra ytre skulderkant kan avkjørsla maksimum ligge 17 cm lågare, eller maksimum 13 cm høgare, enn vegkanten.



Lengdeprofil av avkjørsel, grenseverdiar.

- Der avkjørsla kryssar veggrøfta må det leggast rør med diameter minst 30 cm gjennom avkjørsla. Avkjørsla må byggast og vedlikehaldast slik at ho ikkje leier overvatn eller sole inn på offentleg veg.
- Det må opparbeidast parkeringsplass og snuplass på egen eigedom slik at ein unngår rygging på hovudvegen ved ut- eller innkjøring frå eigedomen.
- Dersom arbeidet med avkjørsla ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort.

Vegforvalningsseksjonen
 Med helsing

Parr Dimmen

Håvard Parr Dimmen
 seksjonssjef

Maren Meyer

Maren Meyer

§ 40 - 43 i Veglova:

§ 40.

- Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan etter plan- og bygningslova.
- Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen. Fylkesmannen er klageinstans i avkjørslesaker for riksvegar.
- Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.
- Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.

§ 41.

- Regionvegkontoret kan påby avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg flytt eller endra, eller avgrense bruken eller nekte bruken av slik avkjørsle.
- Kommunen kan ta avgjerd etter første ledd for kommunale vegar.
- Naudsynte utgifter til flytting eller endring av lovleg avkjørsle kan det krevjast vederlag for. Likeeins kan det, i samband med flytting av avkjørsle, krevjast vederlag for naudsynte utgifter til flytting, endring eller lengning av privat veg fram til avkjørsla. Det same gjeld utgifter til flytting, ombygging eller endring av byggverk eller anlegg som avkjørsla gjer naudsynt. Det skal takast omsyn til verdauke som den nye avkjørsla eller vegen tilfører eigedomen. Dette skjer ved frådrag i vederlaget eller refusjon frå eigaren dersom avkjørsla eller vegen alt er bygd.

§ 42.

- Blir avkjørsle bygd eller nytt i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan det gis påbod om at avkjørsla skal stengast, endrast eller flyttast på den ansvarlige sin kostnad.
- Regionvegkontoret tar avgjerd etter første ledd for riksvegar og fylkesvegar, og kommunen tar slik avgjerd for kommunale vegar.

§ 43.

- Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter. Så langt det ikkje er fastsett noko anna, skal desse reglane gjelde i staden for vilkår som tidlegare måtte vere sette for løyve til avkjørsla. I reglane kan det fastsettast at det skal gjelde særlege frisiktlinjer mellom avkjørsla og den offentlige vegen. Om vegstyremakta finn det naudsynt, kan slike frisiktlinjer også gjerast gjeldande utanom byggegrensene. Vegstyremaktene kan også sette som vilkår for løyve til avkjørsle i det einskilde tilfellet at eigaren eller brukaren av avkjørsla syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsette av vegstyremakta.
- Eigaren eller brukaren av eigedomen er ansvarlig for vedlikehald av avkjørsle til eigedomen. Er vedlikehaldet ikkje forsvarlig, kan det, så langt det blir funne naudsynlig, gjerast på den ansvarlige sin kostnad.
- Er avkjørsle bygd og halden ved like i samsvar med fastsette reglar, syter vegstyremakta for at vasslaup under avkjørsla blir halde ope.
- Regionvegkontoret tar avgjerd etter denne paragrafen for riksvegar og fylkesvegar og kommunen tar slik avgjerd for kommunale vegar.

STRANDA KOMMUNE

FULLMAKTSVEDTAK

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saknr
FULLMAKTSVEDTAK FOR MILJØ, NÄRING, KOMMUNALTEKNIKK	08.08.2007	146/07

Saksansvarleg: Rådmann Ole-Johan Lillestøl

Saksbehandlar: Roald Rekdal

Arkiv: GBN-33/3

Arkivsaknr: 07/859

SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV VEG PÅ GBN 33/3 I STRANDADELEN

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §93 pkt. j, får Inga Myren løyve til å bygge veg som omsøkt på GBN 33/3, på følgjande vilkår.

1. Det vert ikkje kravd ansvarsrett for tiltaket. Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med søknad, aktuelt regelverk og vilkår som er gjeve i løyvet.
2. Avkøyring frå riksveg 60 skal utformast og opparbeidast i tråd med krav som Statens vegvesen har fastsett i brev datert 05.07.2007.
3. Tiltakshavar skal varsle bygningsmyndighetene når tiltaket er ferdigstilt.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Inga Myren søker om løyve til bygging av veg til fritidsbustad på eigedom GBN 33/3 i Strandadalen.

Saksopplysningar

Det vert søkt om løyve til å bygge veg frå riksveg 60, og fram til fritidsbustaden på eigedom GBN 33/3. Situasjonskart viser avkøyring i grensa mot eigedom 33/1, og stikkveg med om lag 20 m lengde i retning nord til fritidsbustaden. Oddgeir Sve søker om ansvarsrett til utføring av tiltaket.

Eigedommen ligg i LNF-område (sone 2) i kommuneplanen for Stranda kommune. Statens vegvesen har gjeve løyve til opparbeiding av avkøyring, i brev datert 05.07.2007. I løyvet er det gitt vilkår til utforming av avkøyringa.

Vurdering

På eigedom GBN 33/3 er det oppført eit fritidsbygg òg eigedommen må reknast som fritidseigedom. Bygging av biloppstillingsplass for ein enkelt eigedom er normalt ikkje søknadspliktig. Tiltaket gjeld bygging av veg, med oppgradering av avkøyring til riksvegen. Fram til no har det vore avkøyring utan veg i grensa mellom eigedom 33/3 og 33/1. Administrasjonen forstår at eksisterande avkøyring er bygd av Statens vegvesen, når riksvegen vart bygd der den ligg no. Administrasjonen har vore i kontakt med Statens vegvesen i saka. Statens vegvesen ønskjer å gje formelt løyve til avkøyringa, med gjeldande krav til utforming. Tiltaket krev løyve etter plan- og bygningslova § 93 pkt. j.

Oddgeir Sve har ikkje søkt om lokal godkjenning eller gjeve opplysningar om utdanning og praksis. Det vert difor uråd å behandle søknaden om ansvarsrett. Tiltaket er teknisk sett enkelt, og er ikkje omfatta av lova sine tekniske forskrifter. Stranda kommune gjer difor unntak frå krav om ansvarsrett, i tråd med ”*forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker*” § 13. Tiltakshavar vert ansvarleg for å opparbeide avkjøyringa i tråd med vilkår som Statens vegvesen har gjeve i brev datert 05.07.2007. Naboar er varsle og har ikkje kome med merknadar. Administrasjonen har ikkje merknadar til tiltaket, og gir løyve i medhald av pbl. § 93.

Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.07.2007	RV 60 STRANDA KOMMUNE GBN33/3 - SØKNAD OM OPPBEVARING AV AVKJØRSLE	62673
08.08.2007	§40 -43 I VEGLOVA	62674
08.08.2007	Situasjonskart.pdf	63324

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Plan- og bygningslova PBL

Teknisk forskrift TEK

Kommuneplan for Stranda kommune

Veglova

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	01.06.2007	Charles Myren	VEDKOMANDE SPØRSMÅL OM BYGGING AV VEG PÅ GBN 33/3
2	U	20.06.2007	Statens Vegvesen Region Midt	INGA MYREN - OPPARBEIDING AV VEG PÅ GBN 33/3 I STRANDA - AVKØYRING FRÅ RIKSVEG 60
3	I	20.06.2007	Inga Myren	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV PARKERINGSPLASS/VEG
4	I	05.07.2007	Statens Vegvesen Region Midt	RV 60 STRANDA KOMMUNE GBN 33/3 - SØKNAD OM OPPARBEIDING AV AVKJØRSEL

Stranda kommune
Postboks 264
6201 STRANDA

Statens vegvesen

STRANDA KOMMUNE	
REG.NR.	07/4499
SAKSBEH. RØRE	
06 JULI 2007	
ARK.KODE P	ARK.KODE S
J.NR. 07/859	DOK.NR. 4

Behandlende eining:
Region midt
Summørke distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Maren Meyer - 70175063

Vår referanse:
2007/087543-002

Dykkar referanse:
07/859-2

Vår dato:
05.07.2007

RV 60 i Stranda kommune - Gnr. 33 bnr. 3 - Søknad om tillatelse til opparbeidning av avkjørsel

Vi viser til Dykkar brev av 20. juni 2007 med søknad om løyve til avkjørsel fra riksveg 60.

Reglar for godkjenning, utforming og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg er fastlagt i §40 - §43 i vegloven, som vi legg ved kopi av, og i handbok 017 "Veg- og gateutforming" utgitt av Vegdirektoratet. Med bakgrunn i desse kan Vegvesenet akseptere at det vert etablert ny avkjørsel slik dette er vist på kartet som følgjer søknaden under desse føresetnadane:


- Avkjørsla kan berre nyttast som tilkomst til eksisterande bygning.
- Løyvet gjeld berre for avkjørsel på den staden som er vist på kartet, og under føresetnad av at avkjørsla vert opparbeidd i samsvar med krava nedanfor.

Frisiktkrav:

L1 = minst 115 meter

L2 = minst 4 meter

Mellan vegen og frisiktlinjene skal terrenget om nødvendig senkast, og vegetasjonen ryddast, slik at ein kan sjå kjørebanen på hovudvegen i heile lengda på siktrekanten frå eit punkt 1.1 m over vegnivå i avkjørsla.



Sikttrekantar i kryss og avkjørsler.
L1 og L2 er gitt i teksten.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde


Telefon: 815 44 040
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr. 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VAOSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Krav til kurvatur/breidde:


R₁ = 4 meter
 R₂ = 4 meter
 b = 3-4 meter



Når kryssvinkel er $80^\circ < \alpha < 100^\circ$, nyttast stiplet utforming
 Utforming av avkjørsler

Krav til max stigning/fall i avkjørsla:

Kravet til utflating i avkjørsla fram mot krysset går fram av figuren til høgre. Kravet medfører at 2.0 m fra ytre skulderkant skal avkjørsla ligge 5 cm lågare enn vegkanten. 5.5 m fra ytre skulderkant kan avkjørsla maksimum ligge 17 cm lågare, eller maksimum 13 cm høgare, enn vegkanten.



Lengdeprofil av avkjørsel, grenseverdiar.

- Der avkjørsla kryssar veggrøfta må det leggast rør med diameter minst 30 cm gjennom avkjørsla. Avkjørsla må byggast og vedlikehaldast slik at ho ikkje leier overvatn eller sole inn på offentleg veg.
- Det må opparbeidast parkeringsplass og snuplass på egen eigedom slik at ein unngår rygging på hovudvegen ved ut- eller innkjøring frå eigedomen.
- Dersom arbeidet med avkjørsla ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort.

Vegforvalningsseksjonen
 Med helsing

Håvard Parr Dimmen

Håvard Parr Dimmen
 seksjonssjef

Maren Meyer

Maren Meyer

§ 40 - 43 i Veglova:

§ 40.

- Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan etter plan- og bygningslova.
- Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen. Fylkesmannen er klageinstans i avkjørslessaker for riksvegar.
- Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.
- Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.

§ 41.

- Regionvegkontoret kan påby avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg flytt eller endra, eller avgrense bruken eller nekte bruken av slik avkjørsle.
- Kommunen kan ta avgjerd etter første ledd for kommunale vegen.
- Naudsynte utgifter til flytting eller endring av lovleg avkjørsle kan det krevjast vederlag for. Likeeins kan det, i samband med flytting av avkjørsle, krevjast vederlag for naudsynte utgifter til flytting, endring eller lengning av privat veg fram til avkjørsla. Det same gjeld utgifter til flytting, ombygging eller endring av byggverk eller anlegg som avkjørsla gjer naudsynt. Det skal takast omsyn til verdauke som den nye avkjørsla eller vegen tilfører eigedomen. Dette skjer ved frådrag i vederlaget eller refusjon frå eigaren dersom avkjørsla eller vegen alt er bygd.

§ 42.

- Blir avkjørsle bygd eller nyttta i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan det gis påbod om at avkjørsla skal stengast, endrast eller flyttast på den ansvarlige sin kostnad.
- Regionvegkontoret tar avgjerd etter første ledd for riksvegar og fylkesvegar, og kommunen tar slik avgjerd for kommunale vegen.

§ 43.

- Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter. Så langt det ikkje er fastsett noko anna, skal desse reglane gjelde i staden for vilkår som tidlegare måtte vere sette for løyve til avkjørsla. I reglane kan det fastsettast at det skal gjelde særlege frisiktlinjer mellom avkjørsla og den offentlige vegen. Om vegstyremakta finn det naudsynt, kan slike frisiktlinjer òg gjerast gjeldande utanom byggegrensene. Vegstyremaktene kan òg sette som vilkår for løyve til avkjørsle i det einskilde tilfellet at eigaren eller brukaren av avkjørsla syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsette av vegstyremakta.
- Eigaren eller brukaren av eigedomen er ansvarlig for vedlikehald av avkjørsle til eigedomen. Er vedlikehaldet ikkje forsvarlig, kan det, så langt det blir funne naudsnyltig, gjerast på den ansvarlige sin kostnad.
- Er avkjørsle bygd og halden ved like i samsvar med fastsette reglar, syter vegstyremakta for at vasslaup under avkjørsla blir halde ope.
- Regionvegkontoret tar avgjerd etter denne paragrafen for riksvegar og fylkesvegar og kommunen tar slik avgjerd for kommunale vegen.



Situasjonsplan
01.06.2007
Målestokk 1:500



Stranda kommune

Næringsavdelinga

Saksbehandlar: Roald Rekdal

Melding om vedtak

Inga Myren
Storgt.124
6200 STRANDA

Vår ref.: 07/859-6

Dykkar ref.:

Arkiv: GBN-33/3

Dato: 08.08.2007

SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV VEG PÅ GBN 33/3 I STRANDADELEN

Vi viser til Dykkar søknad. Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §93 pkt. j, får Inga Myren løyve til å bygge veg som omsøkt på GBN 33/3, på følgjande vilkår.

1. Det vert ikkje kravd ansvarsrett for tiltaket. Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med søknad, aktuelt regelverk og vilkår som er gjeve i løyvet.
2. Avkøyring frå riksveg 60 skal utformast og opparbeidast i tråd med krav som Statens vegvesen har fastsett i brev datert 05.07.2007.
3. Tiltakshavar skal varsle bygningsmyndighetene når tiltaket er ferdigstilt.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dato brevet er motteke. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Eventuell klage skal sendast skriftleg til det organet som har fatta vedtaket. Ver vennleg å oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar ein ønskjer, og dei grunnar du vil oppgje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, vert du beden om å oppgje når denne meldinga kom fram.

Vedlegg til tiltakshavar: Kopi av brev frå Statens vegvesen datert 05.07.07.

Med helsing

Roald Rekdal
Ingeniør byggjesak

Mottakarar:

Inga Myren	Storgt.124	6200	STRANDA
Statens Vegvesen Region Midt	Fylkeshuset	6404	MOLDE



Stranda kommune

Næringsavdelinga

Saksbehandlar: Roald Rekdal

Oddgeir Sve
6200 STRANDA

Vår ref.: 07/859-7

Dykkar ref.:

Arkiv: GBN-33/3

Dato: 08.08.2007

VEDKOMANDE SØKNAD OM ANSVARSRETT - INGA MYREN

Vedlagd følgjer saksutgreiing for søknad om bygging av veg, og dykkar søknad om ansvarsrett. Sjå vår vurdering av dykkar søknad. Viser elles til "forskrift om godkjenning av foretak" GOF. Ta gjerne kontakt om noko er uklart.

Med vennleg helsing

Roald Rekdal
Ingeniør byggjesak

Stranda kommune
STRANDA

Krav om komplett opprydding vedrørende skjemafadese.

Det vises til skjemaformularet "Søknad om løyve til tiltak" ifrå g.nr.33 b.nr.3 i Stranda kommune, innstempla hos kommunen med 07/3972 og 07/859 den 21. juni 2007.

Den medfølgde "Naboliste for Bygge- og delesaker" viser maskinutfylt heimelshavarane til nabobruka 32/1, 33/1 og 33/7. Denne lista har utifrå dei viste påskriftene vore lagd fram for heimelshavarane til 32/1 og 33/1. Lista har ikkje blitt lagd fram for påskrift av meg som er heimelshavar til 33/7. Derimot er det maskinutfylte namnet mitt som heimelshavar blitt radert bort på lista ved at det er sett eit stort kryss over oppføringa av meg. Til overmål kan eg vise til at 33/7 har bruksrett knyta til den felles avkøyrsla med 33/3 og 33/1 ifrå Rv. 60.

Det må vere eit rimeleg krav at den som har stått føre det å slik setje meg utanfor vert stilt til ansvar for usselheita. Utførleg skriftleg avklaring bes sendt til meg.

Dette skrivet framsendast berre via e-post: post@stranda.kommune.no

Stranda, 14.08.2009.

Vennligst

Øystein Fjørstad
Øystein Fjørstad
(33/7)

Stranda kommune
STRANDA

Etterlysing av svar på klage vedrørende skjemafadese.

Eg viser til skrivet mitt datert 14.08.2009, sendt same dag via e-post:
post@stranda.kommune.no

Retningsliner tilseier at det offentlege sin svarfrist i regelen ikkje skal overskride tre veker.
Når det nå har gått over fire veker utan at noko som helst svar er motteke, så må dette kunne kallast for respektlaust, og dermed kritikkverdig.

Eit fatta vedtak med bakanforliggande dokumentfeil stetter ikkje gjengse gyldigheitskrav.
Eg må be om omgående reell reaksjon på det ovanfor nemnde skrivet mitt. Sjølvorsakande skrivemåtar er uinteressant.

Dette skrivet framsendast berre via e-post: post@stranda.kommune.no

Stranda, 17.09.2009.

Vennligst

Øystein Fjørstad
Øystein Fjørstad



Stranda kommune

Næringsavdelinga

Saksbehandler: Roald Rekdal

Øystein Fjørstad
Fjørstad
6200 STRANDA

Vår ref.: 07/859-10

Dykkar ref.:

Arkiv: GBN-33/3

Dato: 21.09.2009

SVAR PÅ BREV - KRAV OM OPPRYDDING

Viser til dykkar brev ”krav om opprydding” datert 14.08.2009, og nytt brev ”etterlysing av svar på klage” datert 17.09.2009. Viser og til dykkar besøk her på Næringsavdelinga tidleg i august, der de spurte om det same, og forklaringa som vart gjeve direkte under besøket.

Saka det vert stilt spørsmål om, gjeld søknad om å bygge ca. 20 m veg frå ei eldre driftsavkjøring frå riksveg 60, til fritidsbustaden på eideom GBN 33/3. Administrasjonen har fatta vedtak i saka den 08.08.2007. I dykkar brev ber de om ei utføreleg skriftleg avklaring på kvisor dykkar namn er stroke frå ei naboliste, og ein reaksjon mot den som har stått føre dette. Til orientering kan vi nemne at den opphavlege lista er utlevert frå kommunen som orientering til tiltakshavar. Den er levert tilbake til kommunen med påteikning, saman med søknaden. Det aktuelle dokumentet er her nytta til dokumentasjon for nabovarsel, i staden for den vanlege blanketten som er berekna til dette formålet. Det går fram av saka kven er som er eigar og tiltakshavar.

Kommunen si oppgåve er å sjå til at det ligg føre tilstrekkeleg opplysningar før vedtak vert gjort, jf. forvaltningslova (FVL) § 17. I plan og bygningslova (PBL) § 94, går følgjande fram i pkt. 3.

3. Før søknad sendes inn, skal naboer og gjenboere varsles hvis ikke disse skriftlig har sagt fra at de ikke har noe å merke til søknaden. I varslet skal ges melding om at mulige merknader må være kommet til ansvarlig søker innen 2 uker etter at varslet er sendt og grunnlagsmaterialet for søknaden er gjort tilgjengelig. Gjenpart av varselsbrevene skal sendes kommunen samtidig med at naboer og gjenboere varsles, sammen med en oppgave over vedkommende eiendommer og deres eiere eller festere. Med søknaden skal følge kvittering for at varselsbrevene er sendt, eventuelle merknader fra naboer eller gjenboere samt en kort redegjørelse fra ansvarlig søker eller tiltakshaver for hva som eventuelt er gjort for å imøtekomme disse. Før kommunen tar stilling til søknaden, skal den vurdere om det er grunn til å kreve ny varsling av naboer og gjenboere.

Kommunen kan frita søkeren for å varsle naboer og gjenboere når deres interesser ikke berøres av arbeidet. Kommunen kan kreve at også andre eiere eller festere enn de som er nevnt i foregående ledd, skal varsles.

Som det følger av ordlyden, er kommunen si oppgåve å vurdere om det er grunn til å krevje ny varsling av naboar / gjenbuarar, eller frita søkeren for å varsle, når nabo/gjenbuarar sine interesser ikkje er berørt av arbeidet.

I ”forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” SAK § 16 pkt. 5, er det tilsvarende ordlyd som i PBL § 94 pkt. 3. I rettleiinga til forskrifa går m.a. følgjande fram i § 16 pkt. 5.

5. Unntak fra krav om nabovarsling

Kommunen kan frita søker fra å varsle naboer og gjenboere når deres interesser ikke berøres av arbeidet. Det kan tenkes tilfeller hvor naboer eller gjenboere ikke berøres av tiltaket pga. avstand mellom tiltaket og vedkommende nabo/gjenboers eiendom.

I følgje kommunen sitt kartgrunnlag, ligg dykkar eigedom GBN 33/7 med ein avstand på om lag 360 m frå riksvegen og omsøkte veg. Tiltaket gjeld ein stikkveg på om lag 20 m, som er vurdert til eit særslite tiltak med minimale inngrep. Det vesentlege i denne saka, var å få ei avklaring frå Statens vegvesen om sjølve avkøyringa. Underteikna saksbehandlar har her vurdert søknaden som tilstrekkeleg opplyst, med dei dokumenta som er levert kommunen. Ein har vurdert at de ikkje er berørt av tiltaket, slik at det var naudsynt med ny nabovarsling. Det er avstanden til dykkar eigedom som ligg til grunn for vurderinga. Ein vil òg presisere at kommunens vedtak berre gjeld tilhøve til plan- og bygningslova. Dei private rettane de viser til, er ikkje endra av kommunens behandling. Dette var òg svaret de fekk munnleg på vårt kontor tidleg i august.

I dykkar brev går ikkje fram om de er usamrd i sjølve tiltaket det vart søkt og gjeve løyve til. Underteikna saksbehandlar meiner kommunen har behandla saka i samsvar med plan- og bygningslova. Enkeltvedtak gjort av kommunen kan påklagast i følgje plan- og bygningslova § 15 og forvaltningslova kap. VI.

Vi vonar dette bidreg til ei avklaring i saka.

Med vennleg helsing

Roald Rekdal
Ingeniør byggjesak

Kopi til:

Inga Myren m/vedlegg: Brev frå Ø. Fjørstad.
Oddbjørn Vågsæter

Stranda kommune
Rådmannen

STRANDA

Vedrørande manglende avklaring angående sakshandsaming av nabovarselformular.

Skrivet mitt av 14.08.2009 vart til etter at det ikkje hadde lukkast å få anna enn inkjeseiande omkringsnakk ved frammøte hos kommunen sin sakshandsamar. Etter å ha venta i over fire veker på svar ifrå kommunen, vart så purringsskrivet mitt av 17.09.2009 sendt.

Sakshandsamaren sitt einaste svarsksriv er det som er datert 21.09.2009. Skrivet inneheld ikkje det aller minste av avklaring på det som eg grunngjeve har påtala og kravt avklara. Det treng ikkje undre nokon om sakshandsaminga og det oppdukkande omstendelege avleatingsforsøket faktisk er representativt for kommunen. I det siste skrivet mitt presiserte eg at sjølvorsakande skrivemåtar er uinteressant. Likevel er det nett det svarsksrivet inneheld. Kommunen har elles ingen heimel for å differensiere mellom likt bytenære nabobar og som har lik rett til den felles avkøyrla med g.nr.33 b.nr.3 frå Rv. 60.

For sikkerheits skuld vil eg sterkt presisere at g.nr.33 b.nr.3 sitt realiserte føretak har eg aldri hatt nokon som helst tanke om å reagere på. Og det same burde enkelt kunne forståast utifrå slik eg har ordlagt meg. Det eg har funne uteleg, er den føretekne slettinga av namnet mitt som rettmessig var oppført på oppsettet som har gjort teneste som nabovarsel. Det er den framkomne utidige namneslettinga eg har reagert på. Og fadesen må ikkje få verte ståande som ein retningsgjevande del av kommunen sin saksprosedyre.

Det må vere betimeleg at rådmannen tek affære; om nødvendig sende saka til fylkesmannens kontor for gjennomgang. Saksutfallet vil vise kva kommunen står for.

Dette skrivet framsendast berre via e-post: post@stranda.kommune.no

Stranda, 23.09.2009.

Vennligst

Øystein Fjørstad

Øystein Fjørstad



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Ann Kristin Langeland

Øystein Fjørstad

Fjørstad

6200 STRANDA

Vår ref.: 07/859-12

Dykkar ref.:

Arkiv: GBN-33/3

Dato: 06.10.2009

**MANGLANDE AVKLARING ANGÅANDE SAKSHANDSAMING AV
NABOVARSELFORMULAR.**

Syner til dykkar brev dagsett 23.09.09.

Stranda kommune vil med dette gjøre merksam på at ovannemnde sak vert vidaresendt til fylkesmannen for gjennomgang.

Dette til dykkar orientering.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Ann Kristin Langeland
Rådmann



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Ann Kristin Langeland

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset

6404 MOLDE

Vår ref.: 07/859-13

Dykkar ref.:

Arkiv: GBN-33/3

Dato: 06.10.2009

VEDKOMANDE SAKSHANDSAMING AV NABOVARSEL

Syner til vedlagte korrespondanse mellom Øystein Fjørstad og Stranda kommune vedkomande handsaming av nabovarsel i høve ”Søknad om løyve til tiltak” frå gnr.33 b. nr 3 i Stranda kommune. Byggesaka følgjer også som vedlegg.

Stranda kommune sitt standpunkt i saka kjem fram i vedlagte brev stila til Fjørstad, dagsett 21.09.2009.

Stranda kommune bed fylkesmannen gjere ein gjennomgang av saka.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Ann Kristin Langeland
Rådmann

Kopi til:
Roald Rekdal
Øystein Fjørstad

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.10.2009	MANGLANDE AVKLARING ANGÅANDE SAKSHANDSAMING AV NABOVARSELFORMULAR.	90715
24.09.2009	MANGLANDE AVKLARING ANGÅANDE SAKSHANDSAMING AV NABOVARSELFORMULAR.	90268
21.09.2009	SVAR PÅ BREV - KRAV OM OPPRYDDING	90115
17.09.2009	ETTERLYSING AV SVAR PÅ KLAGE VEDRØRANDE SKJEMAFADESE.	90002

19.08.2009	KRAV OM KOMPLETT OPPRYDDING VEDR. SKJEMAFADESE	88852
08.08.2007	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV VEG PÅ GBN 33/3 I STRANDADALEN	63325
08.08.2007	VEDKOMANDE SØKNAD OM ANSVARSRETT - INGA MYREN	63326
08.08.2007	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV VEG PÅ GBN 33/3 I STRANDADALEN	63323
06.10.2009	Situasjonskart.pdf	63324
06.10.2009	§40 -43 I VEGLOVA	62674
06.07.2007	RV 60 STRANDA KOMMUNE GBN33/3 - SØKNAD OM OPPBEVARING AV AVKJØRSLE	62673
20.06.2007	INGA MYREN - OPPARBEIDING AV VEG PÅ GBN 33/3 I STRANDA - AVKØYRING FRÅ RIKSVEG 60	61954
06.10.2009	kartutsnitt2-1-5000.pdf	61962
01.06.2007	VEDKOMANDE SPØRSMÅL OM SØKNAD- BYGGING AV VEG PÅ GBN 33/3	61207
21.06.2007	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV PARKERINGSPLASS/VEG	61991
06.10.2009	ANSVARSRETT/KART	61992

Stranda kommune
Rådmannen

STRANDA

Purring utfrå framleis manglande avklaring angåande sakshandsaming av nabovarselformular.

Det vises til skrivet mitt av 23.09.2009 vedrørande manglande avklaring angåande sakshandsaming av nabovarselformular.

Det har såleis gått 9 nye veker utan å ha fått avklara det saka einast gjeld: Kven som ugrunna har sett eit stort kryss over namnet mitt som dermed er sletta på nabovarselformularet som er nytta, og kva for konsekvensar dette må få for den ansvarlege. Juks som eit underliggende element kan ikkje resultere i gyldig vedtak. Det burde vere elementært.

For ein rådmann burde det vere ei grei sak å avklare og rydde opp i det som har føregått. Saka dreier seg eine og åleine om uheimla namnesletting. Det er nå ein gong ein rådmann sitt lodd å måtte ta støyten og også måtte rydde opp i fadeser som andre har skuld i.

Når rådmannen såleis har funne å måtte legge saka fram for fylkesmannen sitt kontor så burde det ha vore halde seg berre til saka som er namnesletting. Likevel har rådmannen sendt samla over til fylkesmannen til saman 17 dokument som utgjer 1 hoveddokument (med 06.10.2009 som dato) vedlagt heile 16 dokument på ennå fleire sider og som stort sett ikkje har noko med føreliggande sak å gjere. Dette er slikt som etter tradisjonell kontorkutyme må rubriserast som slett sakshandsaming, noko som ikkje passar seg, og slett ikkje for ein rådmann.

Ved usikkerheit kunne rådmannen enkelt ha teke ein telefon til fylkesmannen sitt kontor og lagt fram saka. I føreliggande situasjon ville dette ha vore ein grei og framfor alt rask måte, og nok med ønska avklaring.

Det er mildt sagt på høg tid å verte ferdig med saka. For snart ei veke sidan prøvde eg å få telefonisk kontakt med rådmannen, men utan å lukkast. Svaret frå taleboksen var at eg skulle verte kontakta straks rådmannen fekk høve til å ringe tilbake, men ingen slik reaksjon er hittil registrert på telefonen min.

Det stakkarslege må uvilkårleg ligge under ein rådmann sin verdighet.

Dette skrivet framsendast berre via e-post: post@stranda.kommune.no

Stranda, 25.11.2009.

Vennligst

Øystein Fjørstad
Øystein Fjørstad



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Ann Kristin Langeland

Øystein Fjørstad
6200 STRANDA

Vår ref.: 07/859-15

Dykkar ref.:

Arkiv: GBN-33/3

Dato: 03.12.2009

PURRING UTFRÅ FRAMLEIS MANGLANDE AVKLARING.

Syner til ditt skriv dagsett 25.11.09, samt telefonbeskjedar frå deg 20.11.09 og 01.12.09.

Slik rådmannen ser det er det ikkje rett det du hevdar i ditt skriv at du ikkje har fått svar på ditt brev av 23.09.09. Den 06.oktober vart det frå underteikna sendt brev til deg om saka. Same dag vart det også sendt kopi til deg av den oversending som vart gjort til fylkesmannen sitt kontor.

Grunngjevinga for at saka vart sendt til fylkesmannen sitt kontor er at du ber rådmannen om handling. I det høve vert hitsett følgjande frå ditt skriv av 23.09.09: "Det må vere betimelig at rådmannen tek affære; om nødvendig sende saka til fylkesmannens kontor for gjennomgang. Saksutfallet vil vise kva kommunen står for".

Rådmannen har eit ynskje om at du skal få eit kvalifisert svar frå ein ugild part og deler difor ditt ynskje om ein gjennomgang frå fylkesmannen sitt kontor.

Per i dag føreligg det ikkje noko svar frå fylkesmannens kontor. Rådmannen avventar dette før noko meir utfyllande svart vert gjeve.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Ann Kristin Langeland
Rådmann

Stranda kommune
Rådmannen

STRANDA

Dykkar ref.: 07/859-15.

Reaksjon vedrørande eit ikkjeavklarande skriv som formelt sett ikkje er motteke.

Det vises til rådmannen sitt skriv datert 03.12.2009 og som står å lese på Stranda kommune si heimeside under postlistedato 03.12.2009 og tilgjengeleg på internett den 07.12.2009. Dette er i skrivande stund ennå ikkje motteke av meg. Ikkje som e-post, ikkje som vanleg brev!

Ved dei mange forsøka på å få telefonkontakt har det vore berre ein talebokssvarar som har sagt at det ville bli ringt tilbake til meg. Først etter atter eit kontaktforsøk frå meg i går fann rådmannen å ta seg bryet med å slå på tråden. Stygglang omrømingstid høver seg slett ikkje for ein rådmann.

I det ovanfor nemnde skrivet uttrykkjer rådmannen i det første avsnittet at eg har hevda noko i skrive mitt datert 23.09.09 som ikkje er rett, med andre ord på godt gammalt norsk at eg lyg. Dette er frekt, og rådmannen skal få lukke til å drage alt i seg igjen. Det er ein realitet at den obsternasige kutymen som kommunen har lagt seg til også vert delt av rådmannen.

I det andre avsnittet prøver rådmannen å gi meg skulda for at den spesielle saka vart oversendt med ei stort sett uinteressant saksmasse til fylkesmannen for vurdering. Rådmannen burde ha forstått at ved å sende det føreliggande omfattande sakskomplekset over til fylkesmannen ligg det implisitt at rådmannen ikkje kjenner seg kvalifisert til å finne ut av sjølv det relativt enkle. Det er såleis sjølvkulda dette med rådmannen si lite flatterande vurdering av seg sjølv.

I det tredje avsnittet uttrykkjer rådmannen ynskje om at eg skal få eit kvalifisert svar frå ein ugild part. Ein rådmann skal ikkje drive med ynskjetenking, og dette hadde eg faktisk venta var elementært å vite. Det er einast rådmannen og såleis ingen annan som skal gi svar til meg. Også det burde det vere elementært å vite og forstå for ein rådmann.

Det tykkjest vere på høg tid at rådmannskontoret i minsto sit inne med eit skamlaust nivå av kunnskap innanfor lov og rett, økonomi og rekneskap, og elles kommunal administrasjon generelt.

Rett nok er det både formannskap og kommunestyre i tillegg til rådmannen som treng å byrje sanse verda!

Dette skrivet framsendast berre via e-post: post@stranda.kommune.no

Stranda, 08.12.2009.

Vennligst

Øystein Fjørstad
Øystein Fjørstad



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Ann Kristin Langeland

Øystein Fjørstad
6200 STRANDA

Vår ref.: 07/859-17

Dykkar ref.:

Arkiv: GBN-33/3

Dato: 04.01.2010

**REAKSJON VEDRØRANDE EIT IKKJE AVKLARANDE SKRIV SOM FORMELT SETT
IKKJE ER MOTTEKE.**

Syner til dykkar skriv dagsett 08.12.09.

I lang tid har du vore ute etter å få vite kven som hadde stroke namnet ditt frå ei "Naboliste for Bygge- og delesaker". Denne lista vart levert av Charles Myren på vegne av tiltakshavar Inga Myren, i den form som du har fått kopi av tidlegare.

Sakshandsamar Roald Rekdal mottok lista og aksepterte den som dokument i vidare sakshandsaming.

Dette til di orientering.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Ann Kristin Langeland
Rådmann

Stranda kommune
Rådmannen

STRANDA

Klage vedrørende kritikkverdig kommunal sakshandsaming.

Det vises mellom anna også til rådmannen sitt siste skriv datert 04.01.2010, og som står å lese på Stranda kommune si heimeside under postlistedato 04.01.2010 og tilgjengeleg på internett den 06.01.2010. Dette er i skrivande stund ennå ikke motteke av meg. Ikke som e-post, ikke som vanleg brev!

Rådmann Langeland sitt skriv med sine to små avsnitt på til saman tre og ei halv line er med sin heller forkudrande ordbruk det einaste som rådmannen har klart å kreiste fram til trass for at dette er ei heller alvorleg sak som tvillaust krev avklaring og handling. Utifrå den nå gitte framstillinga er faktisk Inga Myren sett på som situasjonsansvarleg etter å ha blitt framstilt som tiltakshavar, medan det føreliggande formelle søknadsformularret "Søknad om løyve til tiltak" viser Oddgeir Sve som tiltakshavar. Kommunen har såleis ennå ikke makta å få klart føre seg dette med kven som formelt sett er tiltakshavar. Ikke det heller.

Kommunen sitt kartverk viser dei tilgrensande nabotilhøva. Utifrå dette er nabo på vestsida blitt halden totalt utanfor, og eg som den eine på sørsida blitt frekt sletta som nabo. Det at sakshandsamar Rekdal ikke har halde hand i hanke med det som er oppgåva hans tilseier at han må tolle vurderingar om tenesteforsøming. Ting tyder på at rådmannen ikke ser på dette som tenesteforsøming. Rådmannen må derfor finne seg i å sjølv tolke tilsvarande vurderingar om tenesteforsøming. Omfanget er for stort til at ein rådmann med respekt for seg sjølv ikke kan ha sett og forstått situasjonen, og at det for lengst burde ha blitt teke affære.


Dimensjonane som har utviklast i saka krev at det oppståtte komplekse vert lagt fram for rette instansar for nærmere vurderingar av både Rekdal og Langeland sine sakshandsamingar. Dette vert rådmann Langeland hermed bedd om å straks legge til rette for.

Ein tek for gitt at aller først vert det sytt for at ordføraren får ei grundig og korrekt innføring i kva som har føregått.

Dette skrivet framsendast berre via e-post: post@stranda.kommune.no

Stranda, 08.01.2010.

Vennligst


Øystein Fjørstad



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Ann Kristin Langeland

Øystein Fjørstad

Fjørstad

6200 STRANDA

Vår ref.: 07/859-19

Dykkar ref.:

Arkiv: GBN-33/3

Dato: 21.01.2010

KLAGE VEDRØRANDE KRITIKKVERDIG KOMMUNAL SAKSHANDSAMING.

Syner til ditt skriv dagsett 8. januar 2010.

Rådmannen har gjeve ordførar ei orientering om saka, og på bakgrunn av dette vert du invitert til ein samtale med ordførar og rådmann på ordføraren sitt kontor måndag 1. februar kl 12.00.

Ein vonar at De vil takke ja til dette slik at ordføraren kan få ei grundig og korrekt innføring i kva som har vore gjort i denne saka.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Ann Kristin Langeland
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikke signatur.

Stranda kommune

Rådmannen

STRANDA

Dykkar ref.: 07/859-19.

Det vises til skrivet Dykkar av 21.01.2010, lese som e-post på internett.

Utlifra slik De har ordlagt Dykk så kan De ennå ikkje ha klart å skjøne det enkle i kva sak
dreier seg om. Eller det kan vere det at De ikkje vil forstå. Begge deler er like ille.
Eit sammete somi De inviterer til med ordføraren og meg er einast å sjå på som ein uthalande
utdigg utanommanøver.

Som rådmann bør De nå kjenne til både kva saka gjeld og kva saksgang klagesaka krev, og
straks føreta handling. Det høver seg ikkje for ein rådmann å trakassere og forkludre.

Dette skrivet framsendast berre som e-post: post@stranda.kommune.no

Stranda, 26.01.2010.

Vennligst


Øystein Fjorstad



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Ann Kristin Langeland

Øystein Fjørstad
6200 STRANDA

Vår ref.: 07/859-21

Dykkar ref.:

Arkiv: GBN-33/3

Dato: 02.03.2010

**KLART SVAR - KLAGE VEDRØRANDE KRITIKKVERDIG KOMMUNAL
SAKSHANDSAMING**

Syner til invitasjon til samtale med rådmann og ordførar. Sidan du ikkje såg noko hensikt i å møte fekk ein ikkje høve til å gå gjennom dei faktiske forholda i saka.

Rådmannen har orientert ordføraren om saka slik du har bedt om.

Sakshandsamar Rekdal opptrer med delegerte fullmakter frå rådmann, og eg vil understreke at han har rådmannen sin fulle tillit i saka.

Vidare i ditt skriv tek du til orde for at rådmannen sjølv må tolke ei vurdering om eventuell tenesteforsommelse. Det ligg til ordføraren som arbeidsgjevarrepresentant for rådmann å vurdere dette, og saka er oversendt ordføraren.

Når det gjeld dei faktiske forhold i saka, så er dette tidlegare sendt til fylkesmannen for vurdering, svar er ennå ikkje motteke derifrå.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Ann Kristin Langeland
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikke signatur.

Kopi til:
Frank Sve
Roald Rekdal

Stranda kommune
Rådmannen

STRANDA

Dykkar ref.: 07/859-21.

Sakstrening.

Utan at det er angitt tykkjест brevet Dykkar av 02.03.2010 å skulle vere eit svar på brevet mitt av 26.01.2010.

Som ein første reaksjon: Telefonsamtale utifrå det at rådmannen ennå ikkje kan eller vil oppfatte realitetane i saka, men derimot er heilt klart einast oppteken av å neglisjere alt så langt som mogleg. Rådmannen slo fast at det er Charles Myren som har sett kryss over namnet mitt på nabovarselformularet, medan Charles Myren hevda i telefonsamtale straks etterpå at det var sakshandsamar Rekdal som berre utifrå ein samtale på kontoret hans sette dette krysset. Dette må uansett rubriserast som alvorleg sakshandsamingsfeil.

Når det nå sterkt framhevest at sakshandsamar Rekdal opptrer med fullmakter frå rådmannen og har rådmannen sin fulle tillit, så har det ingen ting å gjere med namneutstrykingssaka som sak. Dette er berre ennå eit nytt fiffig sidespor. Rådmannen kunne gjerne ha spart seg også denne tøvete unnamanøveren. Det einaste som rådmannen får fram med dette er det at det er greitt med tenesteforsøming, og dermed også at rådmannen samtidig set seg sjølv i ein pinleg tenesteforsømingsposisjon.

Rådmannen understrekar på nytt at saka har blitt oversendt til fylkesmannen sitt kontor for vurdering, men at det ennå ikkje er kome svar tilbake. Rådmannen si rådløyse er tydeleg eit sjølvskulda problem. Og det er neppe andre enn rådmannen som kan ha ei plausibel meinинг om kva denne saka som sak har å gjere på bordet hos fylkesmannen; plassert der nærast som eit vindlagd egg.

Rådmannen er for lengst blitt bedd om å køyre klagesaka på formelt vis, men ingen ting har skjedd. Og kommunen sitt eige tilsynsutval tykkjest måtte vere som eit ukjent fenomen, også for rådmannen.

Det må vere eit rimeleg krav at rådmannen nå må forstå å ta oppgåva si som rådmann på alvor og dermed gjere det som gjerast skal. Reglement må då framleis vere til for å følgjast. Rådmannen bør nå navigere utifrå det at utspringet er den spesielle vegopparbeidningssaka til Inga Myren og som det er gjort vedtak i utan å ha lovformeleg saksdekning. At dette tilseier konsekvensar innanfor administrasjonen det burde ikkje overraske ein rådmann.

Dette skrivet oversendast berre via e-post: post@standa.kommune.no

Stranda, 08.03.2010.

Vennligst

Øystein Fjørstad
Øystein Fjørstad

Kopi til fylkesmannen sitt kontor og til ordføraren i Stranda.



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandler, innvalstelefon
Rådgiver Bente Røsok Thornes, 71 25 84 78

Vår dato
19.03.2010
Dykker dato
06.10.2009

Vår ref.
2009/6287/BETH/325.1
Dykker ref.
07/859-13

Stranda kommune
Postboks 264
6201 Stranda

RØRE

STRANDA KOMMUNE	Saksb. AK2A
23 MAR 2010	
Arkivsak 07869-RJ	Journalsp. 1019158

Stranda kommune - saksbehandling av nabovarsel

Fylkesmannen viser til oversending av sak fra Stranda kommune av 06.10.09. Saka gjeld behandling av nabovarsel i høve til søknad om løyve til tiltak på gnr. 33 bnr. 3. Fylkesmannen blir her bedt om å gjere ein gjennomgang av saka.

Øystein Fjørstad har i brev til kommunen av 14.08.09 vist til at han ikkje har fått nabovarsel i samband med tiltak på gnr. 33 bnr. 3 og at namnet hans har blitt stroke på nabolista, og har bedt kommunen om ei avklaring av dette. I brev av 23.09.09 går det fram at Fjørstad ikkje har innvendingar mot det omsøkte og godkjente tiltaket, berre mot slettinga av namnet hans i samband med nabovarselet.

Behandlinga i forbindelse med nabovarsling vil ikkje vere noko enkeltvedtak i seg sjølv, men eit ledd i behandlinga av byggesaka. Fylkesmannen legg etter dette til grunn at det i denne saka ikkje dreier seg om noko klage på eit enkeltvedtak. Det ligg såleis ikkje føre noko klagesak som kan behandlast av fylkesmannen som klageinstans. Fylkesmannen kan heller ikkje sjå at det er grunnlag for å ta saka opp til behandling av eige tiltak.

Når det gjeld behandling av nabovarsel har kommunen i sitt svarbrev av 21.09.09 etter fylkesmannen si vurdering vist til det relevante regelverket på dette området. Da det ikkje ligg føre noko klagesak finn fylkesmannen ikkje grunn til å gå nærmare inn på den konkrete vurderinga som er gjort med omsyn til nabovarsling i denne saka.

Med helsing
Helle Mogstad (e.f.)
Underdirektør

Bente R. Thornes
Bente Røsok Thornes

Øystein Fjørstad Fjørstad 6200 Stranda



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Ann Kristin Langeland

Øystein Fjørstad
6200 STRANDA

Vår ref.: 07/859-24

Dykkar ref.:

Arkiv: GBN-33/3

Dato: 25.03.2010

SAKSTRENERING - KLAGE VEDRØRANDE KRITIKKVERDIG KOMMUNAL SAKSHANDSAMING

Syner til vedlagte skriv frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, dagsett 19.03.2010 vedkomande saksbehandling av nabovarsel.

Innhaldet i brevet frå Fylkesmannen er av ein slik karakter at Stranda kommune frå si side ser saka som avslutta.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Ann Kristin Langeland
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
23.03.2010	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV VEG PÅ GBN 33/3 - SAKSBEHANDLING AV NABOVARSEL	97231



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandler, innvalstelefon
Rådgiver Bente Røsok Thornes, 71 25 84 78

Vår dato
19.03.2010
Dykkar dato
06.10.2009

Vår ref.
2009/6287/BETH/325.1
Dykkar ref.
07/859-13

Stranda kommune
Postboks 264
6201 Stranda

RØRE

STRANDA KOMMUNE	Saksb. AK29
23 MAR 2010	
Arkivsak 07869-RJ	Journalp. 1018858

Stranda kommune - saksbehandling av nabovarsel

Fylkesmannen viser til oversending av sak frå Stranda kommune av 06.10.09. Saka gjeld behandling av nabovarsel i høve til søknad om løyve til tiltak på gnr. 33 bnr. 3. Fylkesmannen blir her bedt om å gjere ein gjennomgang av saka.

Øystein Fjørstad har i brev til kommunen av 14.08.09 vist til at han ikkje har fått nabovarsel i samband med tiltak på gnr. 33 bnr. 3 og at namnet hans har blitt stroke på nabolista, og har bedt kommunen om ei avklaring av dette. I brev av 23.09.09 går det fram at Fjørstad ikkje har innvendingar mot det omsøkte og godkjente tiltaket, berre mot slettinga av namnet hans i samband med nabovarselet.

Behandlinga i forbindelse med nabovarsling vil ikkje vere noko enkeltvedtak i seg sjølv, men eit ledd i behandlinga av byggesaka. Fylkesmannen legg etter dette til grunn at det i denne saka ikkje dreier seg om noko klage på eit enkeltvedtak. Det ligg såleis ikkje føre noko klagesak som kan behandlast av fylkesmannen som klageinstans. Fylkesmannen kan heller ikkje sjå at det er grunnlag for å ta saka opp til behandling av eige tiltak.

Når det gjeld behandling av nabovarsel har kommunen i sitt svarbrev av 21.09.09 etter fylkesmannen si vurdering vist til det relevante regelverket på dette området. Da det ikkje ligg føre noko klagesak finn fylkesmannen ikkje grunn til å gå nærmare inn på den konkrete vurderinga som er gjort med omsyn til nabovarsling i denne saka.

Med helsing
Helle Mogstad (e.f.)
Underdirektør

Bente R. Thornes
Bente Røsok Thornes

Øystein Fjørstad Fjørstad 6200 Stranda

Stranda kommune
Rådmannen

STRANDA

Dykkar ref.: 07/859-24

Klage på rådmannen si sakstreneringsavgjerd.

Det vises til skriva i saka vedrørande uheimla sletting av namnet mitt på nabovarsel.
Seinast skrivet Dykkar av 25.03.2010 vedlagt fylkesmannen sitt skriv av 19.03.2010.

Under heile saksgangen har eg sett på utgangspunktet for saka som rein communal administrasjonsaffære som ikkje har noko å gjere hos fylkesmannen som sak. Slik fylkesmannen sitt skriv av 19.03.2010 er å forstå så stadfester fylkesmannen denne vurderinga.

Rådmannen sitt skriv av 25.03.2010 viser ei motsett oppfatning, og at rådmannen heftande for kommunen ser saka som avslutta. Utifrå dette og den endra karakteren som saka dermed har fått fremjast det hermed klagesak som ventast lagt fram for kommunen sine utval og styre og for fylkesmannen.


Sidan rådmannen ikkje kan eller vil sjå og innsjå realitetane i saka, så får rådmannen finne seg i å måtte stå til rette for kommunen sin fadesehandsaming. Når rådmannen så gjerne vil tyne seg ut ved faktisk å be om å få kome ufordelaktig i offentleg lys og påreknanande reprimande, så er det rådmannen sitt eige sjølvøydeleggande ønskje som gjerne vil bli etterkome.

Det at rådmannen viser arroganse og ikkje hefter seg med fakta, det seier sitt. Også politisk bør dette vere ei ganske så interessant sak. Venteleg også personalsak.

Dette skrivet oversendast berre via e-post: post@stranda.kommune.no

Stranda, 28.03.2010.

Vennligst


Øystein Fjørstad

Kopi til: Ordføraren i Stranda
Fylkesmannen i M&R